



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Søkjarhandboka

Skuleåret 2023–2024



Vestland
fylkeskommune

Innhald

Nyttig informasjon om søknad til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune	6
Inntakskalender	7
Formidlingskalender	9
Informasjon om søknad til vidaregåande opplæring	10
Registrere søknad på vigo.no	10
Viktig å søkje meir enn eitt utdanningsprogram og ein skule	10
Endring av søknad etter søknadsfristen	11
Skuleplassar i andre fylke (friare skuleval)	11
Landslinjer og landsdekkande tilbod	11
Prioritert gjesteelev	11
Kjøp av skuleplass til tilbod vi ikkje har i Vestland	11
Søknad til private vidaregåande skular i Vestland	12
Det er ikkje høve til å ta opp att same utdanningsprogram/programområde	12
Ettersending av vitnemål	12
Utrekning av poengsum ved søknad - Hovudregel	13
Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 1 (Vg1)	13
Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 2 (Vg2)	13
Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 3 (Vg3)	13
Tildeling av plass ved same poengsum	13
Karaktergrense for inntak	13
Ukvalifiserte søkjarar	13
Ny eksamen/privatisteksamen	13
Deltidselev	13
Ulike rettar til vidaregåande opplæring	14
Ungdomsrett	14
Retten til omval av utdanningsprogram/programområde	14
Vaksenrett	14
Fullføringsrett	14

Ikkje rett	15
Søklarar med folkeregistrert adresse utanfor Vestland fylke	15

Lokale inntaksreglar for skuleåret 2023/2024 **16**

Inntaksområde **16**

Kva er og korleis får du inntaksområdepoeng?	16
Søking og inntak	16
Utdanningstilbod som ikkje inngår i nærskuleprinsippet	16
Tilleggspoeng for dugleik ved inntak til Vg1 Musikk, dans og drama	16
Tilleggspoeng for ferdigheit ved inntak til Vg1 Idrettsfag	16
Inntak til Vg2 og Vg3 studiesførebuande utdanningsprogram	17
Utvekslingselevar som skal inn i Vg3, skuleåret 2023/2024	17
International Baccalaureate (IB)	17

Oversyn over kva skular som har dei ulike tilboda **20**

Spesielle tilbod i Vestland (alle stiller likt ved inntak) **20**

Studiespesialisering med førebuande IB (preIB), Vg1	20
Treårig elektro og datateknologi med spesiell studiekompetanse	20
Treårig Helse og oppvekstfag med studiekompetanse	20
Studiespesialisering med teknologifag	21
4-årig yrkes- og studiekompetanse («YSKmodellen»)	21

Spissa toppidrett i Vestland fylkeskommune **22**

Skular og utdanningsprogram med tilbod om spissa toppidrett i regi av OLTV	22
Korleis søkje spissa toppidrett	23
Generelt for Vg1 idrettsfag	23

Tilbod om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune **24**

Askøy vidaregåande skole	24
Knarvik vidaregåande skule	25
Kvam vidaregåande skule	25
Voss gymnas	26
Tilbod om Vg2 i utlandet for elevar ved Amalie Skram vidaregåande skole	26
Tilbod i utlandet i regi av Danielsen Videregående Skole (friskule)	27

Søknad om opplæring i bedrift **28**

Kven kan bli lærling **28**

Lærling/lære kandidat **28**

Frist for å søkje læreplass	28
Korleis søkje læreplass	28
Søkt læreplass og skuleplass	28
Førehandsavtale om læreplass	28
Kontakt med bedrift	29
Tips for å auke mogelegheitene for å få læreplass	29
Tilbod om læreplass	29
Viktig for bedriftene ved tilsetjing	30
Læreplass med stryk i nokre fag	30
Rett til læreplass	30
Nei til tilbod om læreplass	30
Oversikt over lærebedrifter	30
Vg4 påbygging til generell studiekompetanse	30
 Kven kan søkje om inntak 1. februar?	 31
1. Søkjarar med fortrinnsrett	31
A. Søkjarar til eit særskilt utdannings-program på Vg1 § 6-15¹	31
Det er to vilkår som må vere oppfylte for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:	31
Saksgong i innsøkinga	32
B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-17² (Vg1)	32
Innsøking til Vg1	32
Organisering av opplæringa	33
C. Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk § 6-18³	33
Saksgong i innsøkinga	33
Butilbod med sosialpedagogisk oppfølging	34
Innsøking for søkjarar til Vg2/Vg3 på knutepunktskulen	34
D. Fortrinnsrett for søkjarar med vedtak om utvida tid §§ 6-19, 6-32⁴	34
2. Individuell behandling	35
A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga § 6-22⁵	35
Søkjarar med mål om grunnkompetanse i ordinær klasse	35
Lærekandidatordning	35
Innsøking	36
Søkje læreplass direkte etter ungdoms-skulen, eller etter Vg1	36
Førehandsavtale om læreplass	36

B. Søkjarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §§ 6-25 og 6-38⁶	36
C. Søkjarar til Vg2/Vg3 med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse § 6-35⁷	36
Spesielle tilbod med søknadsfrist 1. februar	37
D. Minoritetsspråklege søkjarar	37
Grunnskuletilbod til søkjarar med kort butid i Norge (Kombinasjonsklasse)	37
Tilbod organisert for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skule	38
Innføringstilbod før Vg1	38
Vg1 Helse- og oppvekstfag for minoritetsspråklege	38
Vg1 Studiespesialisering for minoritetsspråklege	38
Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring:	38
Kven skal søkje om inntak 1. februar? (sjå § 6-8 i forskrift til opplæringslova)	39
Norskkunnskapar	39
Rett til særskilt språkopplæring	39
Innsøking	39
Vedlegg til søknad	39
Meir informasjon	39
Generell informasjon	40
Elev-pc i offentleg vidaregåande skule	40
Skuleskyss	40
Stipend frå Lånekassen	40
Utstyrsstipend	40
Bustipend	40
Grunnstipend	40
Slik søkjer ein lån og stipend	40
Oversyn over vidaregåande skular i Vestland	41
Følgjande private vidaregåande skular (friskular) skal du søkje på i vigo.no	42
Skular i Rogaland som kan søkjast av dei som bur i Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Odda	42
Vidaregåande opplæring for vaksne	43
Kven har rett til vidaregåande opplæring?	43
Søknad	43

Nyttig informasjon om søknad til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune

I Vestland fylke kan du velje mellom 43 offentlege skular. Skulane våre tilbyr eit breitt tilbod av program-områda som finst innanfor vidaregåande opplæring, og desse fører fram til mange fag og yrke.

Du kan velje mellom [10 yrkesfaglege utdanningsprogram](#) i tillegg til [5 studieførebuande utdanningsprogram](#).

Omtale av dei ulike utdanningsprogramma finn du på [vilbli.no](#). Her finn du også lenkje til [vigo.no](#) som er den sida du skal registrere søknaden din på.

Du som er busett i Vestland fylke kan søkje skuleplass i heile fylket, men vil få førerett til skular i det inntaks-område du bur i. Dette gjeld kun ved søking til Vg1. Meir informasjon finn du på side 16.

I tillegg vil det vere nokre fylkesdekkande tilbod. Til desse tilboda blir det ikkje gitt inntaksområdepeng, og alle søkjarane stiller likt ved inntak uansett kor i fylke du bur.

Det vil vere tre inntaksrundar. Minner om at du berre kan stå på venting til høgare ønskje, ikkje til lågare.

Vidaregåande opplæring fører fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse.

Studiekompetanse gjev høve til å søkje dei fleste studie-tilbod ved høgskule og universitet. Yrkeskompetanse vil seie at du utdannar deg til å utøve eit yrke, dei fleste utdanningane vert avslutta med eit fag- eller sveinebrev. Grunnkompetanse er kompetanse på eit lågare nivå enn full yrkes- eller studiekompetanse. Grunnkompetanse kan vere planlagt eller ikkje planlagt.

Søking til opplæring i bedrift skal og gjerast i VIGO. Vg2-elevane søkjer seg til dei lærefaga som er aktuelle, men søkjer ikkje spesifikke bedrifter i VIGO. Fylkeskom-

munen formidlar søkjarar til aktuelle bedrifter, det vil seie at søkjaropplysningane vert gjort tilgjengelege i VIGO Bedrift.

Vi oppmodar likevel alle til å sende ein personleg søknad til aktuelle bedrifter.

I dette hefte finn du informasjon om korleis ein søkjer vidaregåande opplæring i skule og bedrift i Vestland fylkeskommune. Du vil finne ein oversikt over tilboda på den einskilde skule. I tillegg finn du informasjon om eleven sine rettar.

Besøksadresse, postadresse og telefon:

Sjå Vestland fylkeskommune si [heimeside](#).

Telefon Inntak: 51 20 71 17
Telefon Fagopplæring: 51 20 71 16

[vilbli.no](#)

Informasjon om vidaregåande opplæring inkl. dei ulike utdanningsprogramma

[vigo.no](#)

Registrering av søknad

[vestlandfylke.no](#)

Vestland si heimeside til mellom anna vidaregåande opplæring og linke til skulane sine nettsider

[vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/karriere-vestland/](#)

Gratis karriererettleiing til alle vaksne over 19 år.

Inntakskalender

Med unntak av søknadsfristar bli det tatt generelt atterhald om datoane nedanfor.
Ved registrering av søknad og svar på vigo.no går fristen ut kl. 23.59 på datoane nedanfor.

Januar

10

[Vigo.no](https://vigo.no) opnar for søknadsregistrering

Februar

1

Søknadsfrist er 1. februar kl. 23.59.

- a) fortrinnsrett
- b) individuelt inntak
- c) minoritetsspråklege søkjarar

Mars

1

Søknadsfrist er 1. mars kl. 23.59.

Frist for søkjarar som ikkje skal søke til 1. februar.

Mai–Juni
1/5–30/6

Førehandsvar

I denne perioden kan du registrere førehandsvar på vigo.no.
Du kan endre svaret i den ordinære svarperioden om du ønskjer det.

Medio
mai

Søkjarar med fortrinnsrett får melding om inntak

Juli

7

Første inntak

Du må logge deg på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Dersom du ikkje mottar sms, kan du likevel sjå inntaksresultatet på vigo.no.
Har du førehandssvart treng du ikkje gjere noko, men om du ønskjer det kan du gå inn og endre svaret i den ordinære svarperioden.

Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking. Søkjarar som ikkje har registrert mobilnummer på vigo.no får ikkje melding om inntaksresultatet, men kan sjå resultatet på vigo.no

Merk at du ikkje kan sjå endringar på ventelistene før 2. inntaket er klart.

Juli

16

Svarfrist første inntak

Dersom du ikkje har førehandssvart ja og ikkje svarar ja til plass innan svarfristen, misser du plassen du har fått.

Juli
22

Andre inntak

Melding blir berre sendt til dei som får nytt tilbod.

Du må logge deg på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Dersom du ikkje mottar sms, kan du likevel sjå inntaksresultatet på vigo.no. Har du førehandssvart treng du ikkje gjere noko, men om du ønskjer det kan du gå inn og endre svaret i den ordinære svarperioden.

Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking. Søkjarar som ikkje har registrert mobilnummer på vigo.no får ikkje melding om inntaksresultatet, men kan sjå resultatet på vigo.no.

Merk at du ikkje kan sjå endringar på ventelistene før 3. inntaket er klart.

Juli
30

Svarfrist andre inntak

Dersom du ikkje har førehandssvart ja og ikkje svarar ja til plass innan svarfristen, misser du plassen du har fått.

August
8

Tredje inntak

Melding blir berre sendt til dei som får nytt tilbod.

Du må logge deg på vigo.no for å sjå resultatet av inntaket. Påminning om at inntaket er klart blir sendt på sms. Dersom du ikkje mottar sms, kan du likevel sjå inntaksresultatet på vigo.no. Har du førehandssvart treng du ikkje gjere noko, men om du ønskjer det kan du gå inn og endre svaret i den ordinære svarperioden.

Pålogging til vigo.no skjer på same måte som ved søking. Søkjarar som ikkje har registrert mobilnummer på vigo.no får ikkje melding om inntaksresultatet, men kan sjå resultatet på vigo.no.

August
17

Første skuledag for elevane

Melding om kor tid du skal møte på skulen finn du på skulen si heimeside. Merk at du ikkje kan rekne med å få fri til feriereiser ved skulestart. Tilbodet om skuleplass gjeld berre for første skuledag. Det er eleven sitt ansvar å møte på skulen til rett dag/tid. Dersom du ikkje møter første skuledag, og ikkje har fått formell skriftleg permisjon frå skulen, har du ikkje rett til å få tilbake plassen dersom du møter fram seinare. Du vil også bli plassert nederst på eventuell venteliste før skulen kan gi deg nytt tilbod om plass.

August
20.–31.

Oppfylling av ledige elevplassar etter 3. inntak

Skulane tek kontakt med søkjarar frå ventelista til evt. ledige skuleplassar. Frå 1. september må du sjølv ta kontakt med skulen dersom du ønskjer å stå på venteliste.

November
1

Sluttar du i vidaregåande skule 1. november eller seinare, har du brukt eitt år av opplæringsretten. Nærare informasjon får du ved å kontakte [Vestland fylkeskommune](https://vestlandfylkeskommune.no) eller på nettstaden vilbli.no.

Formidlingskalender

Med unntak av søknadsfristane blir det teke generelt atterhald om datoane nedanfor. Arbeidet med å formidle til opplæring i bedrift føregår frå 4. mars til 1. september.

Mars

1

Siste frist for registrering på vigo.no er 1. mars kl. 23.59.

April

Opplæringskontor/lærebedrifter som ønskjer å tilsetje lærlingar/ lærekandidatar får tilgang til søknadene. Opplæringskontora/lærebedriftene melder frå til fylkeskommunen om kven dei teiknar lærekontrakt/opplæringskontrakt med. Dei melder og frå om kven som ikkje møter til intervju eller takkar nei til læreplass. Desse søkjarane blir det ikkje arbeidd aktivt vidare med for å formidle til lærekontrakt/opplæringskontrakt.

Mai

Alle søkjarar vil sjå på vigo.no kvar gong fylkeskommunen sender søknaden til ny bedrift. Vi oppmodar og søkjarane til å sende ein personleg søknad direkte til aktuelle opplæringskontor/lærebedrifter. Når ein har fått avtale om læreplass, må ein melde frå om dette til fylkeskommunen, slik at lærekontrakt/opplæringskontrakt blir oppretta.

Juni
August

Alle søkjarar skal melde frå til fylkeskommunen om dei har fått læreplass, eller om dei har andre planar for hausten.

Søkjarar med ungdomsrett har rett til læreplass eller sluttopplæring i skule slik at dei kan gå opp til fagprøve, (Vg3 fagopplæring i skule). Dersom ein innan 1. september ikkje har fått tilbod om læreplass, skal fylkeskommunen tilby Vg3 fagopplæring i skule.

Informasjon om søknad til vidaregåande opplæring

Alle som skal søkje om inntak til vidaregåande skular og formidling av læreplass skal som hovudregel søkje via vigo.no. For å kunne søkje på vigo.no må ein ha norsk fødsels- og personnummer.

Når du skal bruke offentlege tenester på internett er sikker identifisering nødvendig. Elektronisk ID gjer kommunikasjonen trygg mellom søkjar og det offentlege. Du må difor bruke elektronisk ID for å logge inn på vigo.no. Du kan velje mellom fleire elektroniske ID'ar, men det mest vanlege er at du brukar MinID ved inn-søking til vidaregåande opplæring i VIGO.

Hugs å bestille aktiveringsbrev frå Digdir (Digitaliseringsdirektoratet) i god tid før søknadsfrist (det kan ta opptil 14 dagar avhengig av postgang).

Aktiveringskoden i brevet er gyldig i 30 dagar frå bestilling. Det er viktig å kontrollere at du får logga deg inn på vigo.no med MinID med fødselsnummer, sjølvalt passord og kode på SMS i god tid før søknadsfristen er ute.

Dersom du er minoritetsspråklege søkjar og ikkje har fått norsk fødsels og personnummer må du ta kontakt med [Vestland fylkeskommune](https://vestland.fylkeskommune.no) for meir informasjon.

Treng ein kontakt med MinID er telefonnummeret 800 30 300 eller e-postadresse; brukerstotte@di.i.no

Registrere søknad på vigo.no

- Du finn informasjon på vigo.no. Les instruksjonane nøye.
- Treng du hjelp med søknaden? Kontakt rådgjevar på skulen, [Vestland fylkeskommune](https://vestland.fylkeskommune.no) eller gå inn på nettsida vilbli.no.
- Fram til søknadsfristen kan du endre søknaden fleire gongar på vigo.no.
- Sjekk at mobilnummer og e-postadresse er rett på vigo.no.

- Mobilnummer og e-postadresse kan du endre heile året på vigo.no. Desse endringane må du også melde til MinID. Dersom du berre endrar mobilnummeret i vigo.no, men ikkje hos MinID, mottar du ikkje passord eller andre meldingar frå MinID.
- Dersom du har fått ny adresse, ta kontakt med [Vestland fylkeskommune](https://vestland.fylkeskommune.no).

Hugs å ta vare på kvitteringa.

Søker du eit programområde som du ikkje er kvalifisert for, og dette ikkje blir oppdaga i søknadshandsaminga, kan du ikkje krevje å få behalde plassen dersom du ved ein feil skulle få tilbod om plass.

Viktig å søkje meir enn eitt utdanningsprogram og ein skule

Opplæringslova seier at søkjarar med ungdomsrett til Vg1 har rett på inntak til eitt av tre søkte utdanningsprogram. Til Vg2/Vg3 har du rett på inntak til eit programområde du kvalifiserer til. Det er difor viktig at du fører opp fleire utdanningsprogram/programområde på søknaden din. Du kan søkje inntil seks skular på kvart utdanningsprogram/programområde. Dersom du til dømes berre fører opp eitt utdanningsprogram og ein skule, kan du få eit skuletilbod som du ikkje har søkt på.

Dersom du søker utdanningsprogram med ulike fordjupingar som til dømes Musikk, dans og drama, kan du søkje alle tre fordjupingane (musikk, dans eller drama). Dette vert rekna som eitt utdanningsprogram. Vel du denne løysinga må du i tillegg søkje to andre utdanningsprogram.

Endring av søknad etter søknadsfristen

Hovudregelen er at du ikkje får endra søknaden etter søknadsfristen. Unntaket er dersom det er særlege grunnar som er oppstått **etter** søknadsfristen. Døme på dette kan vere flytting med familie, sjukdom eller andre særskilte årsaker. Søknaden må vere godt dokumentert, og relevant informasjon frå skule eller annan offentleg instans må følgje med. Du skal bruke [skjema](#) som du finn på Vestland fylkeskommune si heimeside.

Skjema for endring av søknad kan nyttast frå 1. april til 1. juni.

Skjema for ukvalifiserte søkjarar kan nyttast frå 1. juni til 23. juni.

Skuleplassar i andre fylke (friare skuleval)

Friare skuleval betyr at når du søker om skuleplass på eit bestemt utdanningsprogram/programområde i eit anna fylke, har denne fylkeskommunen (vertsfylket) plikt til å vurdere om det er ledig plass. Alle fylka kjem likevel til å gje tilbod til søkjarar frå eige fylke, før dei opnar for inntak av søkjarar frå andre fylke.

Retten til vidaregåande opplæring gjeld berre i heimfylket, det er difor svært viktig at du også søker skuleplass i Vestland fylke. Retten til skuleplass er avhengig av at du har søkt. Dersom du vil søkje om skuleplass i eitt eller fleire andre fylke må du gjennomføre søkjarprosessen for kvart fylke på [vigo.no](#). Inntak med fortrinnsrett eller etter individuell handsaming gjeld ikkje ved inntak til andre fylke enn heimefylket ditt.

Landslinjer og landsdekkande tilbod

Dette er tilbod du har rett til å søkje same kvar i landet du bur, og søkjarar frå heile landet stiller likt ved inntak. Du skal søkje desse tilboda gjennom [vigo.no](#) i heimfylket ditt.

Prioritert gjesteelev

Dersom du meiner at du har særlege pedagogiske eller sosiale behov for skulegang i eit anna fylke, kan du søkje det fylket om å bli prioritert gjesteelev. I tillegg må du registrere ein søknad i Vigo til det aktuelle fylket innan søknadsfristen.

Dersom vertsfylket (fylket der skulen ligg) godtek søknaden din, stiller du på lik linje med vertsfylket sine egne søkjarar ved inntak.

Kjøp av skuleplass til tilbod vi ikkje har i Vestland

Dersom du ønskjer å søke eit programområde som vi ikkje gir tilbod om i Vestland, kan du få tilbod om plass i eit anna fylke. På [vigo.no](#) brukar du skulenamn «Kjøp av plass i anna fylke». Denne «skulen» vil du berre finne på dei programområda som vi ikkje tilbyr i Vestland fylke.

Vi oppmodar at du i tillegg søker direkte til det aktuelle skulefylket.

Det er berre aktuelt å kjøpe skuleplass i anna fylke dersom du har dette ønske som første prioritet på søknaden, og har ungdomsrett i Vestland. Du er ikkje garantert plass i anna fylke og vi rår difor til at du i tillegg søker anna programområde i Vestland fylke.

Dette gjeld følgjande tilbod:

Bygg- og anleggsteknikk

Vg2 Overflateteknikk

Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign

Vg3 Eksponeringsdesign

Handverk, design og produktutvikling

Vg2 Båtbyggjar

Vg2 Duodji

Vg2 Trearbeid

Elektro og datateknologi

Vg2 Dronefag

Helse- og oppvekstfag

Vg2 Aktivitør

Vg2 Fotterapi og ortopedteknikk

Vg3 Fotterapi

Naturbruk

Vg2 Skogbruk



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Søknad til private vidaregåande skular i Vestland

Du skal registrere søknad om plass til Danielsen Videregående Skole, St. Paul Gymnas og Sygna Videregående Skule på vigo.no. Til alle dei andre private vidaregåande skulane må du søkje direkte til skulen.

Det er ikkje høve til å ta opp att same utdanningsprogram/programområde

Du kan ikkje søkje om plass ved same utdanningsprogram/programområde som du har fullført og bestått tidlegare. Dersom du likevel gjer det vil søknaden ikkje bli handsama. Om det er gjort ein feil i sakshandsaminga slik at du likevel får tilbod om plass, må du slutte etter skulestart.

Dersom du har slutta før du har fått H2-karakterar/standpunkt/eksamens karakterar, eller ikkje får bestått karakter (karakteren to eller høgare) i nokon fag, kan du gå opp att same utdanningsprogram/program område i offentlege skular. Andre reglar gjeld for private skular.

Ettersending av vitnemål

Hovudregelen er at du ikkje treng å sende inn vitnemål/kompetansebevis. Dette gjeld uansett om ein bur i Vestland fylke eller i andre fylke.

Dersom du er minoritetsspråkleg søklar til Vg1 må du leggje ved dokumentasjon på lovfesta grunnskuleopplæring (oversett til norsk eller engelsk), dersom denne er frå heimlandet. Det same gjeld for norske elevar som har gått grunnskule i utlandet.

Utrekning av poengsum ved søknad - Hovudregel

Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 1 (Vg1)

Standpunkt og eksamenskarakterar, samt utrekning av valfagskarakter blir summerte og dividert på tal karakterar. Dette blir snittkarakteren frå ungdomsskulen. Snittkarakteren blir multiplisert med 10, og dette blir den poengsummen som du konkurrerer med ved inntaket til vidaregåande skular.

Merk at valfag skal telje som ein karakter og blir rekna ut på følgjande måte:

- same valfag i tre år – standpunktkarakter frå 10. trinn gjeld.
- tre ulike valfag – gjennomsnittskarakter av alle valfag.
- to ulike valfag – gjennomsnittskarakter av karakteren på høgaste nivå og karakteren frå det andre valfaget.

Summen/snittet av karakterane i valfag blir lagt saman med resten av karakterane.

For meir informasjon sjå vilbli.no under inntaksreglar og poengutrekning.

Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 2 (Vg2)

Alle karakterar, halvårsvurdering frå siste termin (fag du ikkje får avsluttande karakter i), standpunkt og eksamenskarakterar, blir summerte og dividert på tal karakterar. Dette blir snittkarakteren frå kompetanse-gjevande kurs. Snittkarakteren blir multiplisert med 10, og dette blir den poengsummen du tevlar med ved inntaket til Vg2.

Dersom du har fleire kompetanse-gjevande utdanningsprogram frå Vg1, blir den/dei beste karakterane brukt ved utrekning av poengsum.

Poengsum ved søknad til vidaregåande kurs 3 (Vg3)

Same reglar gjeld som ved søknad til vidaregåande kurs 2.

Tildeling av plass ved same poengsum

Dersom to eller fleire søkjarar har same poengsum ved tildeling av den siste plassen på eit kurs, blir det nytta maskinell loddrekning.

Karaktergrense for inntak

Nedre poenggrense endrar seg frå år til år. Det kan difor ikkje seiast noko om kva poenggrensa blir til komande skuleår.

Oversyn over [nedre karaktergrense](#) for den einskilde skule finn du på heimesida til Vestland fylkeskommune.

Ukvalifiserte søkjarar

Dersom du er ukvalifisert til inntak på høgare nivå kan du endre på søknaden din. Bruk [skjema](#) som du finn på Vestland fylkeskommune si heimeside.

Frist for innsending: 23. juni

Ny eksamen/privatisteksamen

Du kan få hjelp til melde deg opp til ny eksamen ved å ta kontakt med den vidaregåande skulen du har gått på.

Deltidselev

Du søker skulen om inntak som deltidselev og vil bli teken inn dersom det er ledig plass. Ta kontakt med aktuell vidaregåande skule etter skulestart

Ulike rettar til vidaregåande opplæring

Ungdomsrett

Utdrag av opplæringslova § 3-1:

«Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heil-tids vidaregåande opplæring. Dette gjeld òg dei som har fullført vidaregåande opplæring i eit anna land, men som ikkje får godkjent opplæringa som studie-kompetanse eller yrkeskompetanse i Noreg».

Retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skuleåret som tek til det året du fyller 24 år. Sjølv om du ventar med å starte i vidaregåande opplæring og/eller får utvida rett kan du ikkje ha ungdomsrett lenger enn til det skuleåret som tek til det året du fyller 24 år.

Retten er ikkje er knytt til ein bestemt skule. Søkjarar til Vg1 må føre opp tre aktuelle utdanningsprogram. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular. Opplæringslova gjev søkjarar med ungdomsrett rett til å få skuleplass på eitt av tre søkte utdanningsprogram. Dersom du ikkje set opp tre utdanningsprogram på søknaden vil fylkeskommunen gje tilbod i eit utdanningsprogram du ikkje har søkt.

Søkjarar til Vg2 og Vg3 har rett til inntak til eit programområde som byggjer på det utdanningsprogrammet du har på Vg1 eller programområdet du har på Vg2. Dersom du ikkje får plass på eit av ønskja dine, vil fylkeskommunen gje tilbod på eit anna programområde som du kvalifiserer for.

Dersom du sluttar før 1. november i skuleåret brukar du ikkje av ungdomsretten.

Dersom du på grunn av faglege/sosiale årsaker, sjukdom, militærtjeneste, omsorg for barn/ svangerskap ønskjer å søke om utvida rett/permisjon skal du bruke [skjema](#) som du finn på Vestland fylkeskommune si heimeside. Nærare informasjon får du hjå rådgjevar på skulen eller ved å kontakte [Vestland fylkeskommune](#).

Retten til omval av utdanningsprogram/programområde

Dersom du ønskjer å byrja på eit nytt utdanningsprogram/programområde, kan du gjere eit omval og

automatisk få utvida ungdomsretten med eitt eller to år. Slik er reglane:

- Gjer du omval etter Vg1 til nytt utdanningsprogram i Vg1, får du utvida retten automatisk med eitt år.
- Gjer du omval etter Vg2, men startar opp att på eit anna programområde (Vg2) innanfor det same utdanningsprogrammet, vil også retten automatisk bli utvida med eitt år.
- Gjer du omval etter Vg2 og tek til på eit nytt utdanningsprogram i Vg1, får du automatisk utvida retten med to år.

Dei tre punkta om omval som er nemnt ovanfor fører til at du får nok Ungdomsrett til å fullføre enten det gamle utdanningsprogrammet/programområdet eller det nye utan å måtte søkje om utvida rett. Rettsutvidinga gjeld berre første gang du gjer omval.

- Du får også eitt års automatisk utviding av ungdomsretten dersom du sluttar i Vg3 etter november i skuleåret, og ikkje har gjort eit omval tidlegare. I praksis vil du berre få opplæringsrett til å starte opp att på same nivå som du slutta på. Dersom du likevel ønskjer å gå tilbake til eit lågare nivå, vil du ikkje ha rett til å fullføre det nye utdanningsprogrammet/programområdet.

Nærare informasjon om eventuelle fritak i fellesfag dersom du gjer omval frå eit utdanningsprogram/programområde til eit anna, får du hos rådgjevar på skulen.

Vaksenrett

Du har vaksenrett dersom du er over 25 år og ikkje tidlegare har fullført vidaregåande opplæring med fag-/yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Vaksenretten er ikkje tidsavgrensa. I inntaket til ordinær vidaregåande opplæring er dei med vaksenrett prioriterte etter dei med ungdomsrett. Dersom du meiner du har vaksenrett må du ta kontakt med [Rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune](#).

Fullføringsrett

Dersom du vart teken inn til vidaregåande opplæring utan ungdomsrett førre skuleår, får du fullføringsrett til inntak på neste nivå. I inntaket er søkjarar med fullføringsrett prioriterte etter søkjarar med ungdomsrett og vaksenrett.




Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Ikkje rett

Dette gjeld søkjarar som er ferdig med ungdomsretten. Søkjarar som har fullført tre-årig opplæring, t.d. innan studiespesialisering eller er ferdig med læretida, vil bli prioritert bak søkjarar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Uansett vil du bli prioritert bak søkjarar med ungdomsrett, vaksenrett og fullføringsrett, og det er relativt liten sjanse for at du får plass i ordinær vidaregåande skule.

Søkjarar med folkeregistrert adresse utanfor Vestland fylke

Du har ikkje rett på skuleplass i Vestland fylke dersom du ikkje er registrert i folkeregisteret i ein av kommunane i Vestland fylke pr. 1. mars 2023.

Melding om flytting må vere reell, og gjennomført pr. 1. mars. Du kan såleis ikkje melde flytting til Vestland

fylke og halde fram ved same skule i heimefylket ut skuleåret.

Dersom du skal flytte saman med foreldre/føresette gjeld ikkje fristen 1. mars. Bruk [skjema](#) som du finn på Vestland fylke si heimeside. I tillegg må det sendast inn stadfesting på flytting til Vestland fylke før skulestart. Det kan vere stadfesting av kjøp av husvære eller jobb for ein eller begge av foreldra. Hugs å melde frå til heimefylket at du flyttar til Vestland fylke.

Dersom ein av foreldra har folkeregistrert adresse i Vestland kan du få ungdomsrett i fylket. Bruk [skjema](#) som du finn på Vestland fylke si heimeside. Du treng ikkje melde adresseendring eller bu saman med den av foreldra som bur i Vestland fylke. Dette gjeld berre for eitt år om gangen og må evt. fornyast kvart år. I slike høve får du i praksis ungdomsrett både i Vestland fylke og i heimefylket.

Lokale inntaksreglar for skuleåret 2023/2024

Inntaksområde

Vestland fylkeskommune er delt inn i 8 inntaksområde. Du høyrer til eit Inntaksområde utifrå kva kommune du er folkeregistrert i. **Dette gjeld berre for inntak til Vg1.**

Kva er og korleis får du inntaksområdepoeng?

- Inntaksområdepoeng er 100 poeng, som blir lagt til karakterpoenga frå grunnskulen.
- Du får inntaksområdepoeng til skulen/-ane i inntaksområdet ditt.
- Søkjarar frå enkelte kommunar/postnummer kan få inntaksområdepoeng til skular utanfor inntaksområdet sitt. Det er spesifisert i tabellane på dei neste sidene.
- Dersom skulen/-ane i inntaksområdet ditt ikkje har utdanningsprogrammet du søker på, får du inntaksområdepoeng til alle skulane som har det tilbodet. Du kan då fritt velje kva skule du ønskjer å søkje på.
- Dersom du har foreldre/føresette i to inntaksområde vil du få inntaksområdepoeng i begge områda under føresetnad av at du fyller ut [skjema](#) som du finn på heimesida til Vestland fylkeskommune.

Søking og inntak

- Du kan søkje deg til alle skulane i fylket, men får altså berre inntaksområdepoeng til skulane i inntaksområdet ditt (gjeld Vg1).
- Dersom det er fleire søkjarar med inntaksområdepoeng enn plassar ved eit tilbod, konkurrerer søkerane på karakterpoeng. Dei som ikkje kjem inn, får eit anna tilbod eller tilbod ved ein annan skule.
- Søkjarar utan inntaksområdepoeng konkurrerer om ledige plassar når alle søkerane med inntaksområdepoeng er tekne inn.

Utdanningstilbod som ikkje inngår i nærskuleprinsippet

Enkelte tilbod i dei vidaregåande skulane er såpass spesielle at dei ikkje har inntak etter inntaksområde. Til desse Vg1 tilboda konkurrerer søkerane på karakterpoenga frå grunnskulen. Dette gjeld:

- Idrettsfag
- Musikk, dans og drama
- Naturbruk
- Pre-IB (studiespesialisering med førebauande IB)
- Yrkes- og studiekompetanse (YSK)
- Yrkesfaglege løp med studiekompetanse (elektro og datateknologi og helse- og oppvekstfag)

Tilleggsopeng for dugleik ved inntak til Vg1 Musikk, dans og drama

Til Vg1 Musikk, dans og drama kan søkerar som har dette som sitt første ønskje bli inviterte til ferdigheitsprøve. Det blir arrangert ferdigheitsprøve berre når det er stor søknad.

Tilleggsopeng blir gitt etter følgjande skala;

3 poeng: Søkjaren viser dugleik utover gjennomsnittet.

6 poeng: Søkjaren viser dugleik som vidarekomen, og har eit stort potensiale.

9 poeng: Skal berre gjevast til søker som viser framifrå dugleik, og har eit uvanleg stort potensiale.

Tilleggsopeng for ferdigheit ved inntak til Vg1 Idrettsfag

Til Vg1 Idrettsfag kan det gjevast tilleggsopeng etter følgjande skala;



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

3 poeng: Regionalt nivå

6 poeng: Landslagsnivå

9 poeng: Internasjonalt nivå

Dokumentasjon skal sendast til den skulen du har som første ønskje. Her får du også nærare informasjon om kva som skal til for å få tilleggspoeng.

Inntak til Vg2 og Vg3 studiesførebuande utdanningsprogram

Når du søker inntak til Vg2/Vg3 på studiesførebuande utdanningsprogram, har du, dersom du er kvalifisert, rett til å halde fram på same skule og utdanningsprogram som du gjekk Vg1/Vg2. Det må vere første ønskje, og påfølgjande år. Ved søknad til andre skular eller lågare ønskje misser du denne fordel.

Uttekslingselevar som skal inn i Vg3, skuleåret 2023/2024

Dersom du har fått godkjent Vg2 i utlandet som inntaksgrunnlag til Vg3 i Noreg, skal du søkje på vigo.no. Du vil som hovudregel få plass ved same skule som i Vg1 dersom du sjølv ønskjer det.

Elevar som har vore på utveksling vil bli prioritert inn etter elevar som går Vg2 ved skulen.

Dersom det er for mange søkjarar (utvekslingselevar) i høve til plassar, vil karakterane frå Vg1 bli poeng-gjevande til Vg3.

International Baccalaureate (IB)

IB er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som bygger på greidd Vg1 frå eit studiesførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-linja kvalifiserer for opptak ved dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegheiter for spesielle «scholarships». Undervisninga er i hovudsak på engelsk.

I tillegg til Bergen Katedralskole er det høve til å søkje IB ved UWC i Fjaler. Vestland fylkeskommune har avtale om å kjøpe inntil to plassar på Vg2 og to plassar på Vg3.

Meir informasjon om tilbodet ved Bergen Katedralskole finn du på skulen si [heimeside](https://heimeside.no).

Meir informasjon om søknad til UWC Fjaler, finn du på uwcrn.no eller admissions@uwcrn.no Tlf. 57 73 70 04.

Søkjarar til IB ved UWC i Fjaler skal ikkje nytte vigo.no.

Inntaksmatrise for Vestland fylkeskommune

Vedteke i fylkestinget 30.9.2020, oppdatert i hovudutval for opplæring og kompetanse 23.11.2021

Inntaksområde: 1 Sunnhordland

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Austevoll	Bømlo, Fitjar, Stord, Kvinnherad, Austevoll
Bømlo	
Etne	
Fitjar	
Kvinnherad	
Stord	
Sveio	
Tysnes	
• Søkjarar frå Kvinnherad kommune får inntaksområdepoeng også til • Odda vgs. • Søkjarar frå Kvinnherad kommune, postnummer 5635 Hatlestrand, 5636 Varaldsøy og 5637 Ølve får inntaksområdepoeng også til Fusa vgs og Kvam vgs. • Søkjarar frå Tysnes kommune får inntaksområdepoeng også til Os vgs, Os gymnas og Fusa vgs. og dei vidaregåande skulane i Bergen kommune. • Søkjarar frå Etne kommune, postnummer 5596 Markhus og 5598 Fjæra får nærskulepoeng også til Odda vgs.	

Inntaksområde: 2 Hardanger og Voss

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Eidfjord	Odda, Voss, Voss gymnas, Kvam
Kvam	
Samnanger	
Ulvik	
Ullensvang	
Vaksdal	
Voss	
• Søkjarar frå Samnanger kommune får inntaksområdepoeng også til Osterøy vgs, Fusa vgs Os vgs, Os gymnas og dei vidaregåande skulane i Bergen. • Søkjarar frå Vaksdal kommune får inntaksområdepoeng også til Osterøy vgs og dei vidaregåande skulane i Bergen. • Søkjarar frå Kvam kommune får inntaksområdepoeng også til Fusa vgs. • Søkjarar frå Modalen kommune får nærskulepoeng til Voss vgs og Voss gymnas	

Inntaksområde: 3 Stor-Bergen

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Askøy	Amalie Skram, Arna, Bergen Katedralskule, Lakesvåg og Bergen maritime, Fyllingsdalen, Nordahl Grieg, Langhaugen, Olsvikåsen, Sandsli, Slåtthaug, Stend, Tertnes, Årstad, Åsane, Askøy, Sotra, Osterøy, Austevoll, Os, Os gymnas, Fusa
Austevoll	
Bergen	
Bjørnafjorden	
Osterøy	
Øygarden	
Søkarar frå Bergen kommune får inntaksområdepoeng også til Knarvik vgs Søkjarar frå Modalen kommune får nærskulepoeng til skulane i Bergen.	

Inntaksområde: 4 Nordhordland

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Alver	Austrheim, Knarvik
Austrheim	
Fedje	
Masfjorden	
Modalen	
Søkarar frå Alver kommune får inntaksområdepoeng også til dei vidaregåande skulane i Bergen kommune.	

Inntaksområde: **5** Indre Sogn

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Vik	Sogndal, Årdal
Sogndal	
Aurland	
Lærdal	
Årdal	
Luster	
• Søkarar frå Aurland kommune får inntaksområdepoeng også til Voss gymnas og Voss vgs. • Søkarar frå Sogndal kommune, postnummer 6898 og 6899 Balestrand, får inntaksområdepoeng også til Høyanger vgs. • Søkarar frå Vik kommune får inntaksområdepoeng også til Voss gymnas og Voss vgs.	

Inntaksområde: **6** HAFS

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Solund	Dale
Gulen	
Hyllestad	
Askvoll	
Fjaler	
• Søkarar frå Askvoll, postnummer 6983 Kvammen, får inntaksområdepoeng også til Førde vgs. • Søkarar frå Askvoll kommune, postnummer 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får inntaksområdepoeng også til Førde vgs og Flora vgs. • Søkarar frå Gulen kommune får inntaksområdepoeng også til Austrheim og Knarvik vidaregåande skular. • Søkarar frå Solund kommune får inntaksområdepoeng også til Austrheim vgs. og Flora vgs.	

Inntaksområde: **7** Sunnfjord og Sogn

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Sunnfjord	Flora, Førde, Høyanger
Kinn sør	
Høyanger	

- Søkarar frå Høyanger kommune, postnummer 5962 og 5965 Bjordal, får inntaksområdepoeng også til Knarvik vgs.
- Søkarar frå Høyanger kommune, postnummer 6946 og 6947 Lavik får inntaksområdepoeng også til Dale vgs.
- Søkarar frå Kinn sør får inntaksområdepoeng også til Måløy vgs.
- Søkarar frå Sunnfjord kommune, postnummer 6841 og 6843 Skei i Jølster, får inntaksområdepoeng også til Firda vgs.
- Søkarar frå Sunnfjord kommune, postnummer 6971 og 6973 Sande i Sunnfjord og postnummer 6976 og 6977 Bygstad, får inntaksområdepoeng også til Dale vgs.

Inntaksområde: **8** Nordfjord

Kommunar	Vidaregåande skular i inntaksområdet
Stad	Eid, Stryn, Firda, Måløy
Stryn	
Gloppen	
Kinn nord	
Bremanger	
• Søkarar frå Gloppen kommune, postnummer 6821, 6822 og 6823 Sandane og postnummer 6828 Hestenesøyra får inntaksområdepoeng også til Førde vgs. • Søkarar frå Gloppen kommune, postnummer 6826 og 6830 Byrkjelo og 6827 Breim, får inntaksområdepoeng også til Førde vgs. • Søkarar fra Gloppen kommune, postnummer 6829 og 6831 Hyen får inntaksområdepoeng også til Førde vgs. og Flora vgs. • Søkjarar frå 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får nærskulepoeng til Måløy vidaregåande skule • Søkarar frå Kinn nord får inntaksområdepoeng også til Flora vgs. • Søkarar frå Bremanger kommune får inntaksområdepoeng også til Flora vgs. • Søkarar frå Bremanger kommune, postnummer 6721 og 6723 Svelgen får inntaksområdepoeng også til Førde vgs.	

Oversyn over kva skular som har dei ulike tilboda

Alle som er busett i Vestland fylke kan søkje skuleplass i heile fylket, men søkjarar til Vg1 vil få førerett til skular i det inntaksområdet dei bur i.

Opplæringstilbod innan
[studieførebuande utdanningsprogram/programområde.](#)

Opplæringstilbod innan
[yrkesfaglege utdanningsprogram/programområde.](#)

Påbygg til generell studiekompetanse
ligg under yrkesfaglege tilbod.

Tilbudet er ope for alle søkjarar frå Vestland fylke. Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Treårig elektro og datateknologi med spesiell studiekompetanse

Laksevåg og Bergen maritime videregående skole
Gjennom eit 3-årig utdanningsløp på Laksevåg og Bergen maritime videregående skule får elevane opplæring i fellesfag og programfag henta frå utdanningsprogramma Elektro og datateknologi og Studie-spesialisering.

Opplæringsløpet er særleg retta mot elevar som vil bli ingeniør og gir teoretisk kompetanse i tillegg til praktisk kompetanse innanfor fagområdet Elektro og datateknologi.

Tilbudet er fagleg krevjande, med Matematikk R2 og Fysikk 1, og stor eigeninnsats er naudsynt. Søkjarar bør difor ha rimeleg gode karakterar frå ungdomsskulen, særleg i matematikk, og vere interesserte både i teoretiske og praktiske fag.

Fleire opplysningar finn ein på skulen si [heimeside](#).

Treårig Helse og oppvekstfag med studiekompetanse

Fyllingsdalen videregående skole, Nordahl Grieg videregående skole Fitjar vidaregåande skule, Førde vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skole

Dette er eit treårig tilbod for elevar frå ungdomsskulen som ønskjer eit praksisretta løp innan Helse og oppvekstfag. Opplæringa har same fag og timetal som summen av eit ordinært toårig yrkesfagleg løp og Vg3 påbygg. Fellesfag, programfag og utplassering i praksis

Spesielle tilbod i Vestland (alle stiller likt ved inntak)

Studiespesialisering med førebuande IB (preIB), Vg1

Bergen Katedralskole

Dette er eit tilbod til elevar som ønskjer å søkje om inntak til Vg2 International Baccalaureate (IB). Førebuande IB er vanleg Vg1 Studiespesialisering der du følgjer norske læreplanar og fagval. Det meste av undervisninga er på engelsk. Undervisninga vil vere innretta slik at du blir kjent med opplegg og terminologi som blir brukt på IB. Du vil få eit godt grunnlag til å bestemme om du til neste år ønskjer å gå vidare på IB i Vg2, eller ordinær Vg2 studiespesialiserande.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

blir då jamt fordelt over alle tre åra slik at ein unngår eit teoritungt påbyggingsår på Vg3.

Elevane må gå alle tre åra på den skulen der dei blir tatt inn til Vg1. Etter endt løp oppnår elevane generell studiekompetanse.

Fleire opplysningar finn ein på heimesidene til [Fyllingsdalen videregående skole](#), [Nordahl Grieg videregående skole](#), [Fitjar vidaregåande skule](#), [Førde vidaregåande skule](#) og [Olsvikåsen vidaregåande skule](#).

Studiespesialisering med teknologifag

Sotra vidaregåande skule

Dette er utdanningstilbodet for deg som er interessert i innovasjon, entreprenørskap, ingeniørfag, medisin, forskning og teknologi.

Faget gir deg særskilt godt grunnlag for vidare studiar innan teknologi og forskning. Opplæringa skjer i eige

verkstad, med mellom anna 3D-printarar og satsing på robotteknologi.

Fleire opplysningar finn ein på skulen si [heimeside](#).

4-årig yrkes- og studiekompetanse («YSK modellen»)

Denne utdanninga fører i løpet av 4 år fram til både studiekompetanse og fagbrev.

Merk at dei som får plass skriv lærekontrakt med ei bedrift. Det er bedrifta som tilset lærlingane. Dette treng ikkje vere dei søkjarane som har høgast poengsum frå ungdomsskulen. Ordinært poenginntak gjeld difor ikkje til «YSK-klassane». Som hovudregel er karakternivået for å få plass godt over gjennomsnittet for dei aktuelle utdanningsprogramma.

Skulane som har dette tilbodet er Fusa vgs, Knarvik vgs og Måløy vgs. Fleire opplysningar finn du på [heimesida til dei aktuelle skulane](#).

Spissa toppidrett i Vestland fylkeskommune

Det er lagt opp til tre ulike modellar for spissa toppidrett i den vidaregåande skulen i Vestland. Olympiatoppen Vest (OLTV) har ulik rolle i dei tre modellane, sjå meir informasjon på www.spissettoppidrett.no. Du kan få tilbod om spissa toppidrett dersom du har ferdigheiter som tilfredsstill krav utarbeida i samarbeid med OLTV.

- **Toppidrettslinja** – ein heilintegrert modell kor alle idrettar kan søkje.
- **Spissa status skule** – spesifikke idrettar og ulike idrettar på utvalde skuler og utdanningsprogram.
- **Spissa utøver** – oppfølging av OLTV sjølv om du ikkje går på ein skule med spissa toppidrett. Oppfølging gjennom klubb.

Skular og utdanningsprogram med tilbod om spissa toppidrett i regi av OLTV

	Skule	Programområde	Idrett
Toppidrettslinja	Tertnes vgs	Studiespesialiserande	Alle idrettar kan søkje
	Åsane vgs	Bygg- og anleggsteknikk	Alle idrettar kan søkje
Spissa skule	Amalie Skram vgs	Studiespesialiserande	Symjing, Stuping
	Firda vgs	Idrettsfag, Studiespesialiserande	Alle idrettar kan søkje
	Førde vgs	Studiespesialiserande	Volleyball
	Sogndal vgs	Idrettsfag	Fotball
	Stend vgs	Idrettsfag	Alle idrettar kan søkje
	Stord vgs	Idrettsfag	Alle idrettar kan søkje
	Voss gymnas	Idrettsfag	Vinteridrettar
Spissa utøver	Alle skuler	Alle programområde	Alle idrettar kan søkje



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Korleis søkje spissa toppidrett

Du søker ordinære utdanningsprogram og må i tillegg hake av under tilleggsopplysningar i søknaden på Vigo om at det blir søkt om spissa toppidrettstilbod gjennom OLTV. Du må også fylle ut eit eige søknadsskjema og sende til Olympiatoppen Vest innan søknadsfristen 1. mars.

Etter at OLTV, i samarbeid med idrettane, har vurdert søknaden din, får du melding frå OLTV om du er kvalifisert til å ta del i det spissa toppidrettstilbodet. OLTV gir deg melding før 1. mai, anten du er kvalifisert eller ikkje.

Dersom du er kvalifisert, er meldinga frå OLTV ikkje ei melding om skuleplass, men ei melding om at du får delta i det spissa toppidrettstilbodet dersom du konkurrerer deg inn på skulen du har søkt til. Du får altså ikkje reservert plass, du konkurrerer om skuleplass på grunnlag av karakterane dine. Melding om skuleplass vil du få når inntaket er klart i juli månad.

Dersom OLTV vurderer at du kvalifiserer for det spissa toppidrettstilbodet, men du er søker som ikkje har inntaksområdepeng til skulen du søker på, vil det bli

tildelt inntaksområdepeng til utdanningsprogrammet på skulen. Dette gjeld søkjarar frå Vestland.

Dersom du får melding om at du ikkje kvalifiserer til å delta i det spissa toppidrettstilbodet, vil du få høve til å omprioritere søknaden din i Vigo.

Du har rett til å halde fram på Vg2 og Vg3 ved same skule for alle studieførebuande utdanningsprogram, under føresetnad av at du er kvalifisert for inntak til neste nivå. Karakterinntaket gjeld derfor for inntak til Vg1. Til Vg2 yrkesfag er det ikkje mogeleg å få til rett til oppflytting til neste nivå, som i studieførebuande utdanningsprogram. Det er karakterbasert inntak til Vg2 og Vg3 yrkesfag, så her må du søke på lik linje med dei andre søkerane til det programområdet du ønsker.

Generelt for Vg1 idrettsfag

Dersom du søker Vg1 idrettsfag kan du i tillegg sende dokumentasjon til skulen som vil vurdere om du kvalifiserer for tilleggspoeng, sjå side 44. Dersom du driv med ein idrett på høgt nivå kan du ta kontakt med skulen du har som første ønskje, og avklare i kva grad dei kan legge til rette for kombinasjon av opplæring og idrettsutøving.

Tilbod om Vg2 i utlandet i regi av Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune tilbyr elevar med ungdomsrett frå heile Vestland eit kompetansegejvande Vg2 tilbod i utlandet. Tilboda blir administrert av ein av skulane våre, som har ansvaret for oppfølging gjennom skuleåret. Ved inntak til Vg3, året etter Vg2 i utlandet, vil vi så langt som mogleg prøve å finne elevplass ved same skule som du gjekk Vg1 i Norge. Tilboda er godkjende av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, og gir rett til støtte i Statens Lånekasse.

Søknad om plass på eitt av tilboda nedanfor må registrerast som høgste prioriterte ønskje på vigo.no. Søkjer du fleire utanlandstilbod som ønskje 2 eller 3 vil dette i praksis vere til lita nytte, og dårleg bruk av søknadsskjemaet, fordi det er svært sjeldan at andre enn dei som har det som første ønskje, får plass/blir kalla inn til intervju.

I tillegg til søknad i Vigo må det sendast inn eit skjema til den skulen som ein søker til. Skjemaet finn ein på skulen si heimeside.

Inntaket til desse tilboda blir gjort på grunnlag av halvårskaraktarar i Vg1 (standpunktkarakterar dersom du alt er ferdig med Vg1), og intervju. Intervjua blir delvis gjort på det språket dei snakkar i det landet du ønskjer å reise til.

Askøy videregående skole

Vg2 Studiespesialiserande i Erfurt, Tyskland

Tilbodet rettar seg mot elevar i heile Vestland fylke som går på (eller er ferdig med) Vg1 Studiespesialisering. Inntil ni elevar kan få plass ved Albert Schweitzer Gymnasium i Erfurt, Tyskland, i eitt skuleår. Søklarane må ha hatt tysk som framandspråk både frå ungdomsskulen og frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram.

Elevane bur på internat som er knytt til skulen, og blir følgde opp av ein kontaktperson frå Askøy videre-

gående skole og ein kontaktperson ved Albert Schweitzer Gymnasium. Askøy videregående skole vil vitje samarbeidsskulen og elevane fleire gonger i året.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av desse programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](https://heimeside.no).

Vg2 Elektrofag i Erfurt, Tyskland

Tilbodet rettar seg mot elevar i heile Vestland fylke som går (eller er ferdig med) Vg1 Elektrofag.

Inntil ni elevar kan få plass ved Andreas Gordon Schule i Erfurt, Tyskland. Elevane går på Askøy videregående skole fram til oktober, og er i Tyskland fram til mai året etter. Den siste månaden av skuleåret har dei undervisning på Askøy videregående skole. Dette omfattar også utplassering i bedrift to dagar i veka.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson frå Askøy videregående skole og ein kontaktperson ved Andreas Gordon Schule. Askøy videregående skole vil vitje samarbeidsskulen og elevane fleire gonger i året. Tyskland er Norge sin viktigaste samarbeidspartnar på mange område. Dei elevane som har hatt dette skuleåret i Tyskland er attraktive lærlingar når dei kjem tilbake til Noreg.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Elektrofag på vigo.no. Du kan velje om du vil søkje Automatisering, Datateknologi og elektronikk eller Elenergi og ekom på Vg2 (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker alle tre). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](https://heimeside.no).



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Knarvik vidaregåande skule

Vg2 Studiespesialiserande i Wales

Dette tilbodet rettar seg mot elevar i heile Vestland fylke som går på (eller er ferdige med) Vg1 Studiespesialisering. Åtte-ti elevar kan gå eitt skuleår på samarbeidsskulen i Cardiff, Wales. Elevane bur i private vertsfamiliar heile skuleåret.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson frå Knarvik vidaregåande skule og kontaktpersonar ved samarbeidsskulane i Wales. Knarvik vidaregåande skule vil vitje samarbeidsskulen og elevane fleire gonger i året.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Kvam vidaregåande skule

Vg2 Studiespesialiserande i Missouri, USA

Tilbodet rettar seg mot elevar i heile Vestland fylke som går på (eller er ferdige med) Vg1 Studiespesialisering. Inntil 25-30 elevar kan gå eitt skuleår på St. Paul Lutheran High, School, Condordia, Missouri. Elevane bur på internat.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson både frå Kvam vidaregåande skule og skulen i USA. Kvam vidaregåande skule vil vitje samarbeidsskulen og elevane fleire gonger i året, og gjennomføre videokonferansar.

Tilbodet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Voss gymnas

Vg2 Studiespesialiserande, i Normandie, Frankrike

Dette tilbudet rettar seg mot elevar i heile Vestland fylke som går på (eller er ferdige med Vg1) Studiespesialisering. Inntil 14 elevar kan gå eitt skuleår på ein av våre fem samarbeidsskular i Normandie, Frankrike. Elevane bur på internat i vekedagane, og hos vertsfamiliar i helgene. Søkjarane må ha hatt fransk både frå ungdomsskulen og frå Vg1 Studiespesialisering.

Elevane blir følgde opp av ein kontaktperson frå Voss gymnas og ein kontaktperson ved samarbeidsskulane i Normandie.

Avtalen Vestland fylkeskommune har med Normandie, er ein gjensidig utvekslingsavtale. Det gjer at det også er ei forventing om at dei norske familiane tek imot ein fransk elev i perioden mellom vinterferie og påskeferie i det skuleåret dei norske elevane tek Vg2 i Normandie.

Tilbudet har eige programområdekode under Vg2 Studiespesialisering på vigo.no, og du kan velje om du vil søkje Realfag eller Språk, samfunnsfag og økonomi (du treng berre søkje eitt av programområda, og har ikkje noko større sjanse for å kome med sjølv om du søker begge). Fleire opplysningar finn du på skulen si heimeside.

Tilbod om Vg2 i utlandet for elevar ved Amalie Skram videregående skole

Tilboda gjeld **kun** for elevar som går Vg1 studiespesialisering utdanningsprogram på Amalie Skram vgs

- Vg2 studiespesialiserande ved Fukyana – Seishikan, Japan
- Vg2 studiespesialiserande ved Beijing Bayi School, Kina (med atterhald om at Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse godkjenner søknad om opplæringstilbodet)
- Vg2 studiespesialiserande ved IES Itaca-Tomares, Sevilla, Spania
- Vg2 studiespesialiserande ved IES Maria Cegarra Salcedo, Spania
- Vg2 studiespesialiserande ved Lycee Bellevue, Martinique, Frankrike (med atterhald om at Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse godkjenner søknad om opplæringstilbodet)Vg2 studiespesialiserande ved Paul-Pfinzing – Gymnasium i Hersbruck, Tyskland
- Vg2 studiespesialiserande ved BG/BRG Leibnitz, Austerrike

En-to elevar frå Amalie Skram vgs kan få plass på kvart studietilbod. Elevane vil bli følgde opp av ein kontaktperson frå Amalie Skram videregående skole og ein kontaktperson ved den utanlandske skulen.

Elevar som **går på** Vg1 studiespesialisering på Amalie Skram videregående skole og har eit ønske om å ta Vg2 i utlandet som utvekslingselev, kan søkje direkte til skulen fram til 1. mars i skuleåret. Elevane må søkje i Vigo, og i tillegg sende søknadsskjema og brev til skulen. Elevane finn søknadsskjemaet på skulen si heimeside.

Tilboda er godkjent av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og gir rett til støtte i Statens Lånekasse.

Tilbod i utlandet i regi av Danielsen Videregående Skole (friskule)

Vg2 Studiespesialiserande, i Minnesota eller Ohio, USA

Dette tilbodet gjeld **kun** for elevar som går på Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram på Danielsen Videregående Skole.

Tilbodet er godkjent av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse og gir rett til støtte i Statens Lånekasse.

Inntil 30 elevar kan få plass ved Hillcrest Lutheran Academy som ligg i byen Ferugs Falls i Minnesota (sjå www.ffhillcrest.org). Her bur elevane på internat. Inntil 4 elevar kan få plass ved Cuyahoga Valley Christian Academy, som ligg i nærleiken av byen Cleveland i Ohio (sjå www.cvcroyals.org). Elevane bur her privat i vertsfamiliar. Til saman får 30 elevar tilbod om plass på dei to skulane.

Elevane blir følgde opp av lærarar frå Danielsen Videregående Skole og dei amerikanske skulane. Gjennom skuleåret vil både realfag, norsk og historielærer vitje skulane for å undervise elevane i desse faga.

Elevar som går på Vg1 Studiespesialisering på Danielsen Videregående Skole og har eit ønske om å gå Vg2 i USA, søker i perioden desember–januar direkte til skulen. Fleire opplysningar finn du på skulen si [heimeside](#).

Søknad om opplæring i bedrift

Kven kan bli lærling

Alle kan søkje læreplass, men ein er ikkje garantert læreplass. Har du derimot rett til vidaregåande opplæring er du garantert eit anna tilbod frå fylkeskommunen, viss du ikkje skulle få læreplass. Det er mogleg å teikne lærekontrakt heile året.

Lærling/lærekandidat

Du som søkjer opplæring i bedrift kan anten søkje om å bli lærling eller lærekandidat.

Om du tek sikte på fag- eller sveineprøve i eit lærefag, teiknar du lærekontrakt med ei lærebedrift. Då har du status som lærling. Tek du derimot sikte på ein mindre omfattande prøve enn fag-/sveineprøve, ein kompetanseprøve, teiknar du opplæringskontrakt med ei lærebedrift. Då har du status som lærekandidat, og vil få eit kompetansebevis i staden for fullstendig fag-/sveinebrev.

Dersom det skulle vise seg at ein lærekandidat likevel klarar å oppnå full yrkeskompetanse, kan opplæringskontrakten endrast til ordinær lærekontrakt undervegs i læretida. Denne endringa skjer etter samtykke frå fylkeskommunen, og kandidaten vil då ha mål om fullstendig fag-/sveinebrev. I resten av teksten brukar vi omgrepet læreplass til å gjelde både for lærlingar og lærekandidatar.

Frist for å søkje læreplass

1. mars er fristen for deg som skal bli lærling.
1. februar er fristen for deg som skal bli lærekandidat.

Korleis søkje læreplass

Du søkjer på vigo.no, på same måte som når du søkjer skuleplass. Du kan også søkje læreplass og skuleplass i same skjema, men i prioritert rekkjefølgje. Om du helst ønskjer læreplass fører du dette opp som første ønskje i søknaden. Ein kan ha større moglegheit for å bli kalla inn til intervju i ei bedrift, om ein har læreplass som første ønskje i søknaden. Når du registrerer læreplass-

ønskje i søkjarprofilen på vigo.no, kan du skrive kort om arbeidserfaring, interesse for faget, sertifikat og liknande. I feltet lærefagønskje kan du laste opp vedlegg, til dømes CV og informasjon om deg sjølv. Dette vil lærebedriftene få tilgang til gjennom vigobedrift.no.

Søkt læreplass og skuleplass

Har du søkt skuleplass på lågare ønskje og takkar ja til tilbodet, får du ikkje anna tilbod frå fylkeskommunen etter 3. inntaksomgang. Du blir då teke ut av formidlinga til læreplass.

Send søknad og CV direkte til lærebedrifter og opplæringskontor

Vi rår sterkt til at du, i tillegg til å søkje i Vigo, søkjer læreplass på eiga hand. Oppsøk lærebedrifter og send søknader til alle aktuelle lærebedrifter. Dei som er aktive sjølve, er dei fyrste som får læreplass. Faktisk er det ikkje uvanleg at ein då allereie kan få læreplass før ein er ferdig med Vg2 i skule. Dei fleste som søkjer læreplass har gått Vg1 og Vg2 i eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Sjå vestlandfylke.no, lærling-lærekandidat for nærare informasjon.

Det er også mogleg å søkje om læreplass, ved å ta direkte kontakt med ei lærebedrift, sjølv om du ikkje lenger har ungdomsrett, direkte etter ungdomsskulen, eller etter Vg1 på vidaregåande skule. Dette må ein gjere på eiga hand, ved å vende seg direkte til den bedrifta du ønskjer å søke læreplass hjå.

Du må og registrere ønskje om skuleplass på vigo.no slik at du får starta utdanninga di. Om du ikkje søkjer vidaregåande skule etter grunnskulen eller Vg1, og ikkje får læreplass, kan du stå utan utdanningstilbod til hausten.

Førehandsavtale om læreplass

Sjølv om du har inngått avtale om læreplass, må du registrere søknad på vigo.no innan søknadsfristen. Legg inn informasjon om at du har førehandsavtale om læreplass, skriv namn på bedrifta og dato du skal starte om den er avtalt.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kontakt med bedrift

Karakterane og oversikt over fråvær blir gjort tilgjengeleg for bedriftene i VIGO Bedrift. På vigo.no ser du kva for bedrifter som har fått søknaden din. Du må sjølv ta kontakt med desse og andre bedrifter der du kan tenkje deg å vere lærling i.

Tips for å auke mogelegheitene for å få lære plass

- Følg opp søknadane dine.
- Svar på alle førespurnadar frå bedrifter og fylkeskommunen.
- Følg opp søknadene du har sendt heilt til du får eit svar.
- Forbered deg til intervjuet og møt presis. Sjå tips på vilbli.no.
- Vis deg frå di beste side. Ver aktiv og vis at du har lyst på jobben.
- Bruk praksisperiodane på skulen til å bli kjent med bedrifter som seinare kan vere aktuelle lærebedrifter.
- Lærebedriftene vil leggje særleg vekt på at du har lite fråvær på vidaregåande skule. Bedrifta vil også sjå på karakterane, sjølv om fråværet ofte vil vere det viktigaste. Lærebedriftene ser etter rett person på rett plass, dersom du er aktiv og følger opp, kan du bli valt framføre ein som har betre karakterar enn deg.

Tilbod om lære plass

Når søknadsfristen har gått ut vil fylkeskommunen gjere godkjende søknader tilgjengelege for opplæringskontor/lærebedrifter som er godkjende for å ta imot lærlingar. Deretter kan ein bli kontakta av opplæringskontor/lære-

bedrift for intervju. Det er bedriftene som avgjer kven dei ønskjer å tilsetje som lærling.

Viktig for bedriftene ved tilsetjing

Det å søkje læreplass er på mange måtar det same som å søkje ein ordinær jobb. Skriv ein kortfatta søknad og legg ved CV og eventuelt attestar. Som tidlegare nemnt legg lærebedrifter særleg vekt på at du har lite fråvær på vidaregåande skule, og dette er ofte viktigare enn karakterane. Blir du kalla inn til intervju er det viktig å møte presis, leggje vekt på dei personlege eigenskapane dine, og vise interesse for det faget du har valt. Sjå meir om tilsetjingsintervju på vilbli.no.

Læreplass med stryk i nokre fag

Har du stryk i fag kan du likevel bli lærling, viss bedrifta er interessert i å tilsetje deg. Men du får ikkje fag-/sveinebrev før alle fag er beståtte.

Rett til læreplass

Du har ikkje rett til å få læreplass i eit bestemt fag eller i ei bestemt bedrift. Søkjarar med ungdomsrett har rett til sluttopplæring i skule (Vg3 fagopplæring i skule) slik at du kan gå opp til fagprøve om du ikkje får læreplass. Om du innan 1. september ikkje har fått tilbod om læreplass, kan det vere aktuelt for fylkeskommunen å tilby Vg3 fagopplæring i skule.

Nei til tilbod om læreplass

Om du takkar NEI til tilbod om læreplass vil ikkje fylkeskommunen sende søknaden til fleire bedrifter. Det vil bli registrert at du har fått tilbod i samsvar med retten etter opplæringslova. Du kan sjølvstendig halde fram med å søkje læreplass på eiga hand.

Oversikt over lærebedrifter

På vilbli.no og utdanning.no finn du alle godkjente lærebedrifter, og i tillegg finn du mykje informasjon om opplæring i bedrift. I mange bransjar har bedrifter gått saman og danna eit opplæringskontor. Opplæringskontoret samordnar inntak og opplæring av lærlingar og lære kandidatlar for dei ulike medlemsbedriftene. Oversyn over opplæringskontor og andre lærebedrifter finn du under Lærebedrifter, opplæringskontor og medlemsbedrifter.

Vg4 påbygging til generell studiekompetanse

Har du bestått fag- eller sveinebrev innanfor ungdomsretten, etter 2014, har du rett til å søke påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring. Om du skal ta fagprøve innan utgangen av august, kan du likevel søkje dette tilbodet. Ver merksam på at søkjarar som allereie har bestått vil, om det er for mange søkjarar, gå føre deg i inntaket.

Kven kan søkje om inntak 1. februar?

Hovudregelen i søknad om inntak til vidaregåande skule er at alle søker på karakterpoeng. Ikkje alle har dei same føresetnadene for å bli tatt inn i den vidaregåande skulen med utgangspunkt i karakterpoeng.

Nokre søkjarar har fortrinnsrett etter visse vilkår i opplæringslova, og konkurrerer ikkje om plass ut frå oppnådd poengsum. Søkjarar kan også bli tatt inn etter individuell behandling dersom dei fyller vilkåra.

Søknadsfristen for desse søkjargruppene er 1. februar.

Vi kan dele søkjarar til 1. februar i to grupper (sjå forskrift til opplæringslova § 6-8):

- Søkjarar med fortrinnsrett
- Søkjarar til individuell behandling (inkl. minoritets- språklege søkjarar)

Alle som skal søkje til vidaregåande opplæring med frist 1. februar skal søkje på vigo.no, og i tillegg må søkjarar til Vg1 fylla ut eit digitalt vedleggskjema med fleire opplysingar.

Vi gjer merksam på at søkjarar med ungdomsrett har rett til inntak på eitt av tre valde utdanningsprogram, men ikkje til ein bestemt skule. Skuleplassering kan ikkje klagast på (sjå forskrift til opplæringslova § 6-10).

1. Søkjarar med fortrinnsrett

I denne gruppa er det fire søknadskategoriar:

A. Søkjarar til eit særskilt utdanningsprogram på Vg1 § 6-15¹

Det er to vilkår som må vere oppfylte for å kunne søkje med denne fortrinnsretten:

- Omfattande behov for spesialundervisning. I vurdering av behovet blir det fokusert på innhald, omfang og organisering i spesialundervisninga, og kva type kompetanse som trengs i opplæringa.
- Særleg behov for inntak til eit særskilt utdanningsprogram. Inntak til eit særskilt utdanningsprogram skal kunne betra søkjaren sin sjanse for fullføring med yrkes- eller studiekompetanse.

Inntak etter denne fortrinnsretten krev ei sakkunnig vurdering etter § 6-16 i forskrifta. I vidaregåande opplæring er det den fylkeskommunale PP-tenesta som er sakkunnig instans.

Søkjar har rett til inntak til det bestemte utdanningsprogrammet på Vg1 dersom søkjar har valt på grunnlag av og i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

¹ Sjå opplæringslova §3-1 sjetle ledd og forskrift til opplæringslova § 6-15

Saksgong i innsøkinga

- Kommunen skal melde søkjarane til Avdeling for opplæring og kompetanse (OPK) innan 1. oktober.
- Avdeling for OPK skal vurdere om vilkåra er til stades etter forskrifta. Dersom søkjar fyller vilkåra skal OPK sende tilmelding til fylkeskommunal PP-teneste for sakkunnig vurdering. Dersom søkjaren ikkje oppfyller vilkåra skal OPK sende skriftleg melding til skulen med tilråding til rett type inntak (t.d. etter § 6-22, § 6-25 i forskrifta, eller til ordinært inntak).
- Fylkeskommunal PP-teneste skriv sakkunnig vurdering etter § 6-16 i forskrifta.
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og i tillegg sende digitalt vedleggskjema innan 1. februar.

Vedlegg

- Sakkunnig vurdering etter § 6-16 frå fylkeskommunal PP-teneste.
- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, som gjeld for 10. trinn.
- Siste IOP.
- Karakterutskrift, ev. karakterutskrift frå 8. og 9. trinn dersom det er relevant.

Søkjarar i denne gruppa får vedtak om inntak før det ordinære inntaket, i siste halvdel av mai.

B. Søkjarar med sterkt nedsett funksjonsevne § 6-17² (Vg1)

Denne føresegna gjeld for elevar med rett til spesialundervisning, og som har sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne.

Merk at søkjaren ikkje har rett til inntak på ein bestemt skule.

Det er fire vilkår som må vere oppfylt:

- Vedtak om spesialundervisning
- Sterkt nedsett funksjonsevne
- Må på grunn av den sterkt nedsette funksjonsevna ha eit særleg behov for å gå på ein skule som er særskilt tilrettelagt
- Må ha dokumentasjon av dei særlege behova til søkjaren

Det er ikkje behov for ny, eiga sakkunnig vurdering i forkant av inntak til vidaregåande skule.

Innsøking til Vg1

- Skulen skal melde søkjarane til OPK innan 1. oktober.
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og sende digitalt vedleggskjema innan 1. februar.

Vedlegg til digitalt skjema

- Siste enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1
- Sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule om rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1, som gjeld for 10. trinn
- Siste IOP

Søkjar har rett til inntak til eitt av tre valde utdanningsprogram. Vedtak om inntak kjem i siste halvdel av mai.

Elevar som har fått inntak etter denne fortrinnsretten må ha ny sakkunnig vurdering frå fylkeskommunal PP-teneste for å få enkeltvedtak om spesialundervisning i vidaregåande skule. Tilvisinga til PPT skal sendast i samarbeid med mottakarskulen og kan skje på overføringsmøte.

² Sjå forskrift til opplæringslova § 6-17

Organisering av opplæringa

I Vestland fylkeskommune kan ein organisere opplæringa for elevar med sterkt nedsett funksjonsevne i ulike grupper etter opplæringsbehova og etter vedtak om spesialundervisning. Til dømes:

- **Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTH (kvardagslivstrening).** Opplæringa er tilrettelagt for elevar med store hjelpebehov og med rett til omfattande spesial- undervisning. Målet er at elevane skal få betre kompetanse til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa skal mellom anna kvalifisere for eit meir sjølvstendig liv. Den sakkunnige vurderinga frå fylkeskommunal PP-teneste vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Opplæringa er tilpassa den einskilde eleven, og det vil bli utarbeidd IOP. Målgruppa er elevar som har behov for eit varig tilrettelagt omsorgstilbod. Ein kan søkje om inntak til dei utdannings- programma som skulen har.
- **Spesialundervisning med opplæring i lita gruppe HTA (arbeidslivstrening).** For nokre elevar vil det vere aktuelt å få opplæring med mål om kompetanse i å kunne meistre til- rettelagt arbeid på ein ordinær arbeidsplass, eller i ei vekstbedrift. Fylkeskommunen gjer avtalar med vekstbedriftene om utprøving. Den sakkunnige vurderinga frå fylkeskommunal PPT vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og for inn- haldet i opplæringa. Det vil bli utarbeidd IOP for kvar elev

Ein kan søkje om inntak til dei utdanningsprogramma som skulen har.

Søkjarane har høve til å melde ønskje om slik organisering av opplæringa i digitalt vedlegg. .

Innsøking for søkjarar til 2. og 3. år

Den vidaregåande skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Elevane treng ikkje sende digitalt vedleggskjema, berre søknad på vigo.no

Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad på vigo.no, sende digitalt vedleggskjema.

C. Søkjarar med rett til opplæring i eller på teiknspråk § 6-18³

Søkjar med teiknspråk som førstespråk og med rett til opplæring i eller på teiknspråk etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9, kan søkje om inntak til eit teiknspråkleg miljø. Ein kan søkje på ein knutepunktskule eller om opplæring med tolk på ein ordinær vidaregåande skule (sjå § 6-18 og §§ 6-40 til 6-43 i forskrifta).

Søkjar har rett til eitt av tre valde utdanningsprogram. Retten til opplæring i og på teiknspråk avgrensa til dei utdanningsprogramma som knutepunktskulen Nordahl Grieg vidaregåande skole og samarbeidsskulane Sandsli, Stend, Slåtthaug og Årstad vidaregåande skole gir.

Søknaden krev sakkunnig vurdering etter § 6-41 i forskrifta. Det er fylkeskommunal PP-teneste som er sakkunnig instans. Skulen gir melding om søkjarar etter § 6-18 til Avdeling for opplæring og kompetanse innan 1. oktober, og fylkeskommunal PP-teneste utarbeider ei sakkunnig vurdering dersom vilkåra for inntak til knutepunktskule er oppfylte (sjå forskrift § 6-40 og § 6-18).

Du må føre opp i søknaden om du ønskjer vidaregåande opplæring på ein knutepunktskule, eller på ein ordinær vidaregåande skule med tolk. Du må søkje i samsvar med den sakkunnige vurderinga.

Saksgong i innsøkinga

- Skulen skal melde søkjarane til Avdeling for opplæring og kompetanse innan 1. oktober.
- Avdeling for opplæring og kompetanse sender tilvising til fylkeskommunal PP-teneste
- Fylkeskommunal PP-teneste skriv sakkunnig vurdering etter § 6-41 i forskrift til opplæringslova.
- Søkjaren må registrere søknaden på vigo.no og fylle ut digitalt vedleggskjema innan 1. februar.

³ Sjå opplæringslova § 3-9 og forskrift til opplæringslova § 6-40, §§ 6-18 og 6-31

Vedlegg til meldinga

- Sakkunnig vurdering etter § 2-6 i opplæringslova
- Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring etter § 2-6 i opplæringslova

Vedlegg til digitalt vedleggskjema

- Sakkunnig vurdering i samsvar med forskrift § 6-41 i opplæringslova
- Enkeltvedtak om teiknspråkopplæring etter § 2-6 i opplæringslova
- Eventuelt sakkunnig vurdering etter § 5-1, enkeltvedtak om spesialundervisning og IOP

Butilbod med sosialpedagogisk oppfølging

Elevar som søker inntak etter § 6-18 og som må flytte heimanfrå for å kunne gå på knutepunktskulen, kan søkje om sosialpedagogisk butilbod (sjå forskrift § 19-5) på digitalt vedlegg.

Det er ein eigen rubrikk for å krysse av for ønske om butilbod i det digitale vedleggskjemaet. Fylkeskommunal PP-teneste gjer ei sakkunnig vurdering om behov for butilbod for dei elevane som har behov for opplæring etter § 3-9 i opplæringslova. Søklarar med nedsett hørsel til Vg1 utan rett etter § 3-9

Søklarar med nedsett hørsel som ikkje har teiknspråk som førstespråk, men som likevel har behov for opplæring på ein knutepunktskule, kan søkje inntak etter individuell vurdering (sjå forskrift § 6-25).

Vedlegg til digitalt vedlegg

- Fråsegn frå søkjaren om behov for å gå på knutepunktskulen
- Eventuelt anna relevant dokumentasjon

Dersom ein søker til eit utdanningsprogram som ein av samarbeidsskulane har, søker ein til denne skulen på vigo.no.

Innsøking for søklarar til Vg2/Vg3 på knutepunktskulen

Alle skal søkje elektronisk på vigo.no.

Den vidaregåande skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same organisering. Elevane treng ikkje sende digitalt vedleggskjema, berre søknad på vigo.no

Dei som skal bytte skule og/eller organisering, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til elektronisk søknad på vigo.no sende digitalt vedleggskjema.

D. Fortrinnsrett for søklarar med vedtak om utvida tid §§ 6-19, 6-32⁴

Elevar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra dersom eleven treng det for å nå opplæringsmåla. I brev frå Udir 20.06.2014 står det at det er to vilkår for rett til utvida tid:

- At eleven har rett til spesialundervisning, og at det ligg føre ei sakkunnig vurdering av eleven sine særlege behov for opplæring utover tre år (sjå opplæringslova kap. 5).
- Eleven må ha behov for meir tid i vidaregåande opplæring for å nå opplæringsmåla som er fastsett i IOP. Kravet er at eleven må ha utbytte av meir vidaregåande opplæring. Den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til om eleven vil ha utbytte av utvida tid for å nå opplæringsmåla.
- Eleven søker om utvida rett på digitalt skjema.
- Elevar i friskular må legge ved halvårsvurdering og IOP.

Retten gjeld også elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, eller rett til opplæring i punktskrift etter opplæringslova § 3-10 og elevar med særskilt språkopplæring etter § 3-12.

⁴ Sjå opplæringslova § 3-1, 5. ledd og forskrift til opplæringslova §§ 6-19 og 6-32

For desse elevgruppene gjeld ikkje kravet om å oppfylle vilkåra for spesialundervisning.

Eleven søker på vigo.no, og får vedtak om inntak i siste halvdel av mai.

2. Individuell behandling

Forskrift til opplæringslova kapittel 6 identifiserer nokre søkjarar som ikkje kan konkurrere med karakterar i inntaket. Ein skal ikkje rekne ut poeng, men inntaket skal skje ut i frå ei individuell behandling (sjå forskrift til opplæringslova §§ 6-22 til 6-26).

I denne gruppa er det tre søknadskategoriar:

A. Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning og manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga § 6-22⁵

Vilkår for denne søknadskategorien er vedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova.

Vedlegg til digitalt vedleggsjema

- Siste sakkunnig vurdering frå PPT-grunnskule, som gjeld for 10. trinn.
- Enkeltvedtak om spesialundervisning for 10. trinn
- Siste IOP.
- Fråsegn frå avgjevarskule om eleven sine tilretteleggingsbehov.
- Eventuelt karakterutskrift frå 8. og 9. klasse.

Dersom det er mest sannsynleg at eleven vil trenge vedtak om spesialundervisning kan det sendast tilvising i overføringsmøtet. Vurdering av retten til spesialundervisning krev tilvising til fylkeskommunal PP-teneste.

Søkjarar med mål om grunnkompetanse i ordinær klasse

Innhaldet i opplæringa vil variere etter eleven sine behov og interessefelt. Den vidaregåande opplæringa skal

føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (sjå opplæringslova § 3-3). Nokrel ungdomar vil, av ulike årsaker, vanskeleg kunne nå målet om full studie- eller yrkeskompetanse.

Mål om grunnkompetanse betyr at eleven, etter enkeltvedtak om spesialundervisning, ikkje følger alle læreplanmåla eller alle faga. For ein elev som skal ha tilbod om grunnkompetanse skal det utarbeidast individuell opplæringsplan. I kompetansebeviset vil ein sjå kva mål i læreplanen som er gjennomført og bestått.

Grunnkompetanse skal det kunne leggjast til rette for i alle utdanningsprogram og ved alle skular.

Vestland fylkeskommune har lang erfaring med tilrettelegging av opplæringa for elevar i ordinære klassar og i mindre grupper. Alle skulane gir eit godt tilrettelagt tilbod. Nokre skular har meir erfaring enn andre med tilrettelegging for elevar med særlege behov. Dette gjeld skular som tidlegare har hatt tilbod om HT-grupper: [Amalie Skram vgs](#), [Askøy vgs](#), [Fyllingsdalen vgs](#), [Knarvik vgs](#), [Laksevåg og Bergen maritime vgs](#), [Olsvikåsen vgs](#), [Os vgs](#), [Sandsli vgs](#), [Slåtthaug vgs](#), [Stend vgs](#), [Stord vgs](#), [Voss vgs](#), [Årstad vgs](#) og [Åsane vgs](#).

Den sakkunnige vurderinga om rett til spesialundervisning frå fylkeskommunal PP-teneste vil vere retningsgjevande for tilrettelegginga og innhaldet i opplæringa. Skulen lagar IOP for kvar elev. Måloppnåing blir vurdert i årsvurderinga i NSSU. Dersom det viser seg at eleven i løpet av skuletida klarar full kompetanse, kan opplæringsmåla endrast.

Lærekandidatordning

Elevar med mål om grunnkompetanse kan bli lærekandidat. Lærekandidaten tar ikkje full yrkeskompetanse med mål om fag- eller sveinebrev. Lærekandidaten gjennomgår ikkje alle opplæringsmåla, og får eit kompetansebevis som viser kva mål han/ho har kompetanse i.

Lærekandidatar får ein tilpassa opplæringsplan som er skreddarsydd etter lærekandidaten sine føresetnader. Tilpassa opplæring kan til dømes vere val av arbeidsmetodar, vanskenivå på oppgåver, tempo og progresjon i opplæringa og variasjon i arbeidsoppgåver. Kompetansemåla er stykka opp i delmål.

Det er mogleg å endre måla undervegs, seinast ved oppmelding til fag-/sveineprøven. På kompetanseprøven blir lærekandidaten målt i den tilpassa lærepla-

⁵ Sjå forskrift til opplæringslova §§ 6-22

nen på same måte som lærlingar. Dersom det i løpet av læretida viser seg at lærekandidaten likevel kan oppnå yrkeskompetanse, kan opplæringskontrakten, etter samtykke frå fylkeskommunen, endrast til ordinær lærekontrakt med fag-/ sveinebrev som mål. Les meir i [Handbok lærekandidat](#).

Innsøking

Ein søker på vigo.no på same måte som om ein søker skuleplass, men hakar av for lærekandidat. Dette gjeld berre for elevar som har gått på Vg1 og Vg2 på vidaregåande skule, eller eitt år på særskilt løp for nokre fag.

Ein kan søkje læreplass og skuleplass i same Vigo-søknad, men i prioritert rekkjefølgje. Dersom ein helst ønskjer læreplass fører ein det opp som første ønskje på søknaden. Sjansen for å bli kalla inn til intervju i ei bedrift aukar truleg dersom ein har læreplass som føsteprioritet.

Ved registrering av læreplassønskje i søkerprofilen på vigo.no, kan ein skrive kort om arbeidserfaring, interesse for faget, sertifikat og liknande. I feltet lære-fagønskje kan ein laste opp vedlegg, til dømes CV og informasjon om seg sjølv. Dette vil lærebedriftene få tilgang til gjennom vigo.no.

Vi rår sterkt til at ein, i tillegg til å søkje i Vigo, søker læreplass på eiga hand. Oppsøk lærebedriftene og send søknader til alle aktuelle lærebedrifter.

Søkje læreplass direkte etter ungdomsskulen, eller etter Vg1

Ein kan også søkje læreplass direkte etter ungdomsskulen, eller etter Vg1, men dette må gjerast på eiga hand direkte til den bedrifta ein ønskjer. Ein bør også registrere ønskje om skuleplass på vigo.no for å ha ein skuleplass i bakhand. Dersom ein ikkje søker vidaregåande skule etter grunnskulen eller Vg1, og ikkje får den læreplassen ein hadde trudd var på plass, kan ein stå utan utdanningstilbod til hausten.

Førehandsavtale om læreplass

Sjølv om ein har inngått avtale om læreplass, må ein registrere søknad på vigo.no innan søknadsfristen. Legg inn informasjon om førehandsavtale om læreplass.

B. Søklarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §§ 6-25 og 6-38⁶

Dette gjeld søklarar som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt. Vilråda er tungtvegande grunnar for søknaden, og at søker har eit særleg behov for å bli behandla individuelt. Dette kan til dømes gjelde elevar som har ein kronisk sjukdom, eller av andre særlege grunnar ikkje har fått karakterar det siste året.

Elevar med nedsett høyrsel som ikkje søker inntak etter § 3-9 i opplæringslova, men som har behov for teknisk tilrettelegging, kan søkje i denne kategorien.

Elevar med nedsett synsfunksjon kan søkje i denne kategorien.

Vedlegg til digitalt vedleggskjema

- Fråsegn frå avgjevarskule
- Anna relevant dokumentasjon på tungtvegande grunnar
- Evt karakterutskrift frå 8. og 9. klasse

Den vidaregåande skulen sender liste over dei elevane som skal halde fram på same skule, same utdanningsprogram og same type gruppe. Elevane treng ikkje sende digitalt vedleggskjema, berre søknad på [vigo.no](#)

Dei som skal bytte skule og/eller type gruppe, og ungdommar som ikkje er i vidaregåande skule inneverande år, må i tillegg til søknad på [vigo.no](#) sende digitalt vedleggskjema.

C. Søklarar til Vg2/Vg3 med enkeltvedtak om spesialundervisning eller planlagd grunnkompetanse § 6-35⁷

Inntak etter denne paragrafen gjeld for søklarar som får spesialundervisning og ikkje vurdering med karakterar i

6 Sjå forskrift til opplæringslova § 6-25 for Vg1 og § 6-38 for Vg2/Vg3

7 Sjå forskrift § 6-35

eitt eller fleire fag, eller som har planlagt eit grunnkompetanseløp. Dei kan bli tatt inn til neste nivå på same utdanningsprogram på grunnlag av individuell vurdering, og etter ei sakkunnig vurdering. Fylkeskommunen gjer ei heilskapleg vurdering om dette er forsvarleg ut i frå faglege føresetnader. For å bli tatt inn på eit høgare nivå må eleven ha bestått programfaga. Alle skal søkje på vigo.no.

Spesielle tilbod med søknadsfrist 1. februar

Bergen Katedralskole, avdeling Kyrre og Kvinnherad vidaregåande skule, avdeling Valekrossen

[Bergen Katedralskole, avd. Kyrre,](#)

(Studiespesialiserande utdanningsprogram) og

[Kvinnherad vidaregåande skule avd. Valekrossen](#)

(Studiespesialiserande utdanningsprogram, fellesfag i yrkesfag og programfag på H0) er skuletilbod for ungdom som er i behandling for psykiske vanskar.

Elevane kan ikkje få utbytte av opplæring i ein ordinær skule grunna dei psykiske vanskanene. Vilkår for inntak er at søkjar er under behandling og har ein behandlaruttale.

Søknaden skal registrerast på vigo.no innan 1. februar. I tillegg må det fyllast ut eit digitalt skjema om individuell behandling.

Søkjarar til Bergen Katedralskole avd. Kyrre bruker denne koden i Vigo: STUSP10---

For meir informasjon, sjå skulane sine heimesider.

Nettbasert opplæring, Fyllingsdalen vidaregåande skole.

[Fyllingsdalen vidaregåande skole](#) tilbyr nettbasert opplæring innafor studiespesialiserande utdanningsprogram for elevar som ikkje kan gjere seg nytte av ordinær undervisning på skulen grunna fysisk sjukdom, og som derfor har behov for heimeundervisning i form av nettundervisning.

Vilkår er at det ligg føre ei sakkunnig vurdering frå fylkeskommunal PP-teneste der det er tilrådd spesialundervisning i form av nettundervisning.

Tilbodet gjeld for elevar med ungdomsrett som er motivert for å fullføre eit opplæringsløp med alle mål i læreplanen, og som har eit realistisk langsiktig mål om å oppnå studiekompetanse etter 23/5-regelen.

Elevane har elevstatus på skulen, dei skal framstille seg for vurdering, få terminkarakterar og standpunktkarakterar. Dei blir trekt ut til eksamen slik som andre elevar. Målet er at dei skal kunne gjennomføre eit planlagt opplæringsløp med stor grad av individuell tilpassing.

Det er ein føresetnad at elevar møter andre elevar og lærarar på Skype og andre digitale plattformer, og at eleven følger opp skulearbeid og innleveringar etter ein plan.

Søkjarar til nettundervisning ved Fyllingsdalen vidaregåande skole bruker denne koden i Vigo: STUSP10---

For meir informasjon ta kontakt med Fyllingsdalen vidaregåande skole.

D. Minoritetsspråklege søkjarar

Grunnskuletilbod til søkjarar med kort butid i Norge (Kombinasjonsklasse)

Dette er eit godt tilbod til deg som både ønskjer og treng å betre ferdigheitene i norsk og styrke kompetansen i viktige grunnskulefag slik at du oppnår eit nødvendig grunnlag for å lykkast i ordinær vidaregåande opplæring. Sjølv om du allereie har fullført grunnskule, kan du søkje dette tilbodet og få høve til å lære meir norsk og oppnå betre karakterar i grunnskulefaga. Oppføringa består av 30 skuletimar à 45 minutt per veke.

- Opplæring i 5 fag med standpunktvurdering: Norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag.
- I tillegg 3 fag utan vurdering med karakter: Kroppsøving, utdanningsval og klassens time.

Grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom er eit frivillig tilbod for ungdom i alderen 16-24 år og du bør ha oppnådd A2 nivå i norsk før du søker. De som søker seg til dette tilbodet har gjerne ulik skulebakgrunn, og kan få inntak etter ulike vilkår:

1. Søkjarar som ikkje har skulebakgrunn frå heimlandet som svarar til norsk grunnskule, dvs. minimum 9 år med opplæring.
2. Søkjarar som har avslutta ordinær grunnskule i Noreg, men som på grunn av kort butid i Noreg, treng meir opplæring både norsk språk og i grunnskulefag.

3. Søkjarar som kan dokumentere minimum 9 år grunnskule frå heimlandet, men som treng eit betre grunnlag før inntak til vidaregåande opplæring.
4. Asylsøkjarar i alderen 16-18 år som oppfyller punkt 1, 2 eller 3 og ventar svar på søknad om opphaldsløyve.

Følgjande skular har avtale om å tilby kombinasjonsklassar dersom det er tilstrekkeleg tal søkjarar: Flora vgs, Mo og Øyrane vgs, Eid vgs, Firda vgs, Stryn vgs, Sogndal vgs, Årdal vgs, Voss gymnas, Årstad vgs, og Bømlo vgs. Det kan variere frå år til år kor det vert oppretta tilbod, så vi vil oppmode deg om å søkje fleire vidaregåande tilbod som kan vere aktuelle for deg

Viss du ønskjer å søke dette kombinasjonstilbodet må du fylle ut eit digitalt skjema som du finn på nettsida til Vestland fylkeskommune. Du kan ikkje søkje inntak på ein bestemt skule, men det er høve til skrive kva skule du ønskjer å søkje deg til i merknadsfeltet. Det er fint om du har ein kontaktperson på skulen eller i kommunen som kan hjelpe deg å søke.

Søknadsfrist: 1. februar.

Tilbod organisert for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skule

Alle elevar med fullført grunnskule eller tilsvarande opplæring har rett til å søkje ordinært Vg1 innan eitt eller fleire utdanningsprogram, jf. Opplæringslova § 3-1.

Fylkeskommunen har dessutan tilbod om innføringsklassar og Vg1-tilbod tilrettelagt for minoritetsspråklege søkjarar (i Bergen)

Innføringstilbod før Vg1

Dette tilbodet er retta mot deg som har budd få år i Noreg og som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, men som treng å utvikle norskkunnskapane dine slik at du kan lukkast i ordinær vidaregåande opplæring. Føresetnaden for inntak er at du har dokumentasjon på fullført grunnskule frå heimlandet eller vitnemål frå norsk grunnskule.

Som elev i innføringstilbodet får du opplæring som skal førebu deg til å delta i ordinær vidaregåande opplæring på Vg1. Det vert lagt stor vekt på å styrke kompetansen i norsk gjennom arbeid med fag. Det vert undervist i norsk, samfunnskunnskap, engelsk, matematikk, naturfag, og kroppsøving, men det vert ikkje gitt sluttvurdering med karakter i fag.

Som elev i innføringstilbod, brukar du ikkje av retten til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen gir deg likevel fulle rettar etter opplæringslova også for dette året, mellom anna rett til spesialundervisning ved dokumentert behov. Du kan og søkje om plass på Vg1 året etter på lik linje med andre elevar

Vg1 Helse- og oppvekstfag for minoritetsspråklege

Tilbodet er tenkt for søkjarar som har for lite kunnskapar i norsk til å kunne gå i eit ordinært utdanningsprogram på Vg1, men som har ein del norskkunnskapar.

Etter fullført og bestått Vg1 Helse- og oppvekstfag for minoritetsspråklege, kan det søkjast om inntak til ordinære Vg2-kurs ved utdanningsprogram Helse- og oppvekstfag.

Dette tilbodet har vi på Fyllingsdalen vidaregåande skole og Åsane vidaregåande skole.

Vg1 Studiespesialisering for minoritetsspråklege

Tilbodet er tenkt for søkjarar som har for lite kunnskapar i norsk til å kunne gå i eit ordinært utdanningsprogram på Vg1, men som har ein del norskkunnskapar. Programmet har ordinær fag- og timefordeling, men det vert lagt særleg til rette for at undervisninga er tilpassa målgruppa for kurset.

Etter fullført og bestått Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram for minoritetsspråklege, kan det søkjast om inntak til ordinært Vg2-kurs.

Dette tilbodet har vi på Bergen Katedralskole.

Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring:

1. Søkjaren har fullført norsk grunnskuleopplæring eller tilsvarande frå heimlandet (sjå § 6-13 i forskrifta). Vitnemål må vere omsett til norsk eller engelsk. Kan søkjaren ikkje dokumentere grunnskuleopplæring, skal bustadkommunen gjennomføre realkompetansevurdering for å sjå om søkjaren kvalifiserer til inntak til vidaregåande opplæring. Dersom søkjaren ikkje er kvalifisert til inntak, er det kommunen som skal gi grunnskuleopplæring før eleven kan bli tatt inn til vidaregåande opplæring.
2. Søkjaren har lovleg opphald i Noreg. Lovleg opphald betyr som hovudregel innvilga fast eller mellombels opphald. Du har også lovleg opphald

dersom du kan dokumentere at du har klaga på avslag på opphaldsløyve. Elevar som er tatt inn i vidaregåande opplæring har ikkje rett til å fullføre skuleåret dersom søknad om opphald er avslått.

For søkjarar frå EU/EØS land er vilkåra for å søkje vidaregåande opplæring oppfylte dersom det er doku-mentert fullført grunnskule.

Søkjarar som kjem til Noreg etter søknadsfristen 1. februar må straks ta kontakt med Vestland fylkeskommune for informasjon og eventuelt utfylling av søknadsskjema.

Kven skal søkje om inntak 1. februar? (sjå § 6-8 i forskrift til opplæringslova)

- Søkjarar med enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 eller § 3-12.
- Søkjarar som nyleg er komne til Noreg og enten har dokumentasjon om fullført norsk grunnskule, grunnskuleopplæring frå heimlandet eller godkjent grunnskuleopplæring gjennom realkompetansevurdering frå kommunen (sjå forskrift § 6-24).

Norskkunnskapar

Det er ikkje krav til norskkunnskapar for å få plass i vidaregåande opplæring, men for dei aller fleste er det svært viktig for både motivasjon og meistring at dei i tilstrekkeleg grad forstår det som går føre seg i undervisninga og kan utrykke oppnådd kompetanse både skriftleg og munnleg.

Rett til særskilt språkopplæring

Dersom du er elev i vidaregåande opplæring og har anna morsmål enn norsk eller samisk, har du rett til særskild språkopplæring fram til du har gode nok kunnskapar i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen.

Om nødvendig har du også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge deler.

Det er skulen som gjennom kartlegging avgjer om eleven fyller kriteria for særskilt språkopplæring.

For å kunne få plass på innføringstilbodet eller på eit tilbod tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar, må søkjaren ha rett til særskild språkopplæring etter § 3-12. Fylkeskommunen skal kartlegge kva dupleik søkjaren har i norsk for å kunne fatte enkeltvedtak om særskild språkopplæring.

Innsøking

Minoritetsspråklege søkjarar skal søkje på vigo.no. I tillegg skal søkjaren fylle ut digitalt vedleggsskjema som ligg på nettsida til Vestland fylkeskommune.

Om du ikkje har norsk fødsels- og personnummer (11 siffer) må du kontakte Inntak i Vestland fylkeskommune.

Vedlegg til søknad

Søkjar må sende dokumentasjon på skulebakgrunn tilsvarende norsk grunnskule, eller realkompetansevurdering frå kommunen. Søkjarar frå EU/EØS-land må leggje ved kopi av personopplysningar frå passet og kopi av vitnemål frå heimlandet oversett til norsk eller engelsk.

Meir informasjon

Gå inn på vilbli.no. Her er det informasjon på mange språk.

Alle søkjarar som skal søkje som minoritetsspråkleg, må søkje innan 1.februar. Alle skal søkje på vigo.no og fylle ut digitalt vedleggsskjema.

Vedlegg til digitalt vedleggsskjema 01.02.

- Dokumentasjon på opphaldsløyve eller kopi av søknad om opphaldsløyve
- Vedtak om særskilt språkopplæring frå 10. trinn (for søkjarar frå norsk grunnskule)
- Ev. sakkunnig vurdering om spesialundervisning (for søkjarar frå norsk grunnskule)
- Ved grunnskuleopplæring gjennomført etter realkompetansevurdering: stadfesting frå bustadkommunen
- Ved grunnskuleopplæring gjennomført i utlandet: Dokumentasjon på grunnskuleopplæring på norsk eller engelsk (formell omsetjing)

Minoritetsspråklege søkjarar kan søkje til eit ordinært Vg1-tilbod, til innføringstilbod, eller til Vg1-tilbodet som er tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar (sjå søkjarhandboka for meir informasjon om tilboda).

Meir informasjon oversett til fleire språk finn du og på: vilbli.no og [Vestland fylkeskommune](http://Vestland.fylkeskommune.no):

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/fremhevde-sider/minoritetsspraklige/>

Generell informasjon

Elev-pc i offentlig vidaregåande skule

Dei som startar på Vg1 hausten 2023 må skaffe seg ei datamaskin til skulestart. Du kan nytte ei datamaskin du eig sjølv, eller bestille ei gjennom fylkeskommunen sin innkjøpsavtale.

Meir informasjon om elevPCordninga, val av maskin-vare og bestilling, finn du på vestlandfylke.no.

Skuleskyss

Etter opplæringslova § 7-2 har du som elev i vidaregåande skule rett på gratis skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule (kortaste gangbare veg) er meir enn 6 km. Funksjonshemma elevar som har behov for skyss får dette uavhengig av avstanden. Behovet må dokumenterast med legeerklæring.

Om du må ha båttransport har du rett på gratis transport uavhengig av avstanden. Om du går på privatskule med statstilskot har du same rettane til skuleskyss som andre elevar.

Elevar i vidaregåande opplæring i særskilt tilrettelagt tilbod for vaksne etter opplæringslova kapittel 4 A3, har ikkje rett til gratis skuleskyss.

Elevar ved skular i tidlegare Hordaland som bur innanfor ungdomsbillettsona må nytte ungdomsbillett til skuleskyssen, uavhengig av avstand mellom heim og skule. Elevar ved skular i tidlegare Sogn og Fjordane vil ha rett på gratis skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule er over 6 km.

Meir informasjon finn du på skyss.no.

Stipend frå Lånekassen

Utstyrsstipend

Er du elev i vidaregåande skole og har ungdomsrett, kan du få utstyrsstipend frå Lånekassen. Du får stipend same kor mykje foreldra tener, eller kor stor formue dei har, men du må søkje om det. Sjå kor mykje du kan få på lanekassen.no.

Bustipend

Dersom du må bu borte medan du tek vidaregåande opplæring, kan du få bustipend. Les meir på lanekassen.no.

Grunnstipend

Har familien særleg svak økonomi, kan du få grunnstipend. Les meir på lanekassen.no.

Du kan også ha rett til

- lån til skulepengar
- reisestipend
- forsørgjarstipend dersom du har barn
- lån dersom du er 18 år og ikkje bur saman med foreldra sine. Les meir på lanekassen.no.

Slik søkjer ein lån og stipend

Ein kan søkje om stipend via vigo.no når ein takkar ja til skoleplassen, eller på lanekassen.no. Ein bruker søknaden for vidaregåande opplæring. Ein får svar på søknaden på «Dine sider». Les meir på lanekassen.no, for deg i vidaregåande skole.

Alle elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett får fulltidsstøtte, uavhengig av kor stor kursprosent ein har. Det gjeld dei som er elev eller lærling, og ein må ha ungdomsrett.

Oversyn over vidaregåande skular i Vestland

[Amalie Skram vidaregåande skole](#)

[Arna vidaregåande skule](#)

[Askøy vidaregåande skole](#)

[Austevoll vidaregåande skule](#)

[Austrheim vidaregåande skule](#)

[Bergen Katedralskole](#)

[Bømlo vidaregåande skule](#)

[Dale vidaregåande skule](#)

[Eid vidaregåande skule](#)

[Firda vidaregåande skule](#)

[Fitjar vidaregåande skule](#)

[Flora vidaregåande skule](#)

[Fusa vidaregåande skule](#)

[Fyllingsdalen vidaregåande skole](#)

[Førde vidaregåande skule](#)

[Høyanger vidaregåande skule](#)

[Knarvik vidaregåande skule](#)

[Kvam vidaregåande skule](#)

[Kvinnherad vidaregåande skule](#)

[Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skole](#)

[Langhaugen vidaregåande skule](#)

[Måløy vidaregåande skule](#)

[Nordahl Grieg vidaregåande skole](#)

[Odda vidaregåande skule](#)

[Olsvikåsen vidaregåande skole](#)

[Os gymnas](#)

[Os vidaregåande skule](#)

[Osterøy vidaregåande skule](#)

[Sandsli vidaregåande skole](#)

[Slåtthaug vidaregåande skole](#)

[Sogn Jord- og Hagebruksskule](#)

[Sogndal vidaregåande skule](#)

[Sotra vidaregåande skule](#)

[Stend vidaregåande skule](#)

[Stord vidaregåande skule](#)

[Stryn vidaregåande skule](#)

[Tertnes vidaregåande skole](#)

[Voss gymnas](#)

[Voss vidaregåande skule](#)

[Årdal vidaregåande skule](#)

[Årstad vidaregåande skole](#)

[Åsane vidaregåande skule](#)

Følgjande private vidaregåande skular (friskular) skal du søkje på i vigo.no

[Danielsen Videregående Skole](#)

[St. Paul Gymnas](#)

[Sygna Videregående Skule](#)

Skular i Rogaland som kan søkjast av dei som bur i Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Odda

Desse tilboda kan søkjast av dei som har ungdomsrett og som bur i ein av følgjande kommunar; Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Odda.

Søknad til skular i Rogaland skal registrerast på vigo.no. Når du går inn på vigo.no kjem Vestland fylkeskommune som eit automatisk val. Under «Søknad til anna fylke» vel du Rogaland.

Vestland fylkeskommune gir gjesteelevgaranti slik at du tevlar om plass på same vilkår som søkjarar frå Rogaland. Vilkåret er at du har Ungdomsrett i Vestland fylke.

Vi oppmodar at du i tillegg og søkjer om plass på skular i Vestland fylkeskommune.

I slike høve får du inntaksmelding frå begge fylka, men vi vil oppmode om at du berre takkar JA til plass i eit av fylka. Merk at inntaksmeldinga frå Vestland ofte kjem nokre dagar seinare enn frå Rogaland, og at det er ulike svarfristar.

[Haugaland videregående skole](#)

[Karmsund videregående skole](#)

[Kopervik videregående skole](#)

[Sauda videregående skule](#)

[Skeisvang videregående skole](#)

[Vardafjell videregående skole](#)

[Ølen videregående skule](#)

[Åkrehamn videregående skule](#)

Sjå nærare på vilbli.no, der ein også finn utdanningsprogramma/programområda som desse skulane har.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne har rett til vidaregåande opplæring dersom dei ikkje har fullført denne opplæringa tidlegare, eller har vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje blir godkjent som studie- eller yrkeskompetanse i Noreg, jf. opplæringslova § 4A-3. Yngre vaksne med ungdomsrett kan søkje om å få gjennomført opplæringa som vaksenopplæring, jf. opplæringslova § 3-1. Fylkeskommunen skal også ha eit vidaregåande tilbod til vaksne utan rett, jf. opplæringslova § 13-3. Opplæringa er gratis.

Kven har rett til vidaregåande opplæring?

Rett til vidaregåande opplæring har du dersom du:

- er fylt 25 år, eller fyller 25 det året du søker
- har fullført eller fått godkjent grunnskoleopplæring
- ikkje har fullført vidaregåande opplæring
- har tatt fagbrev etter 2014 (bestått fag- og yrkesopplæring som en del av ungdomsretten etter Opplæringsloven §3-1 første ledd)
- ikkje har fått godkjend vidaregåande opplæring frå eit anna land
- er busett i fylket
- har lovleg opphald i landet

Sjå nærare informasjon på vestlandfylke.no.


Søknad

Alle vaksne søker på vigo.no og "Vaksenopplæring eller realkompetanse". Du må ha MinID eller tilsvarende for å logge inn. Portalen er alltid open, men administrativ søknadsfrist er 1.mars for haustsemesteret og 15. november for vårsemesteret.

Meir informasjon om vidaregåande opplæring for vaksne finn du på vestlandfylke.no.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune

vestlandfylke.no